



Statens landbruksforvaltning
Norwegian Agricultural Authority

Årsrapport 2006



Forord

Årsrapport for 2006 er Statens landbruksforvaltnings (SLF) utgreiing av verksemda og rapportering til overordna departement, Landbruks- og matdepartementet (LMD). Utgreiinga byggjer på dei krava som følgjer av dei styringsdokumenta som departementet har for SLF.

Vi har utarbeidd årsrapporten på ein slik måte at han også skal vere interessant og informativ for ei breiare målgruppe. Desse målgruppene er regional og lokal landbruksforvaltning, landbruksbasert næringsliv, anna offentleg forvaltning og samarbeidspartnarar. Årsrapporten gir eit bilete av aktiviteten i SLF i 2006 og viser samtidig breidda og mangfaldet i SLFs oppgåver no og framover.

For meir informasjon om Statens landbruksforvaltning viser vi til nettstaden: www.slf.dep.no. Her er meir utdjupande informasjon om ordningane og dei landbrukspolitiske verkemidla som SLF forvaltar.

Oslo, 15. mars 2007



Innhold

<i>Administrerende direktør har ordet</i>	<i>4</i>
<i>Dette er Statens landbruksforvaltning</i>	<i>6</i>
<i>Årskavalkade 2006</i>	<i>8</i>
<i>Rekneskap 2006</i>	<i>10</i>
<i>Den norske kjøttmarknaden.....</i>	<i>12</i>
<i>Ressurs og areal</i>	<i>16</i>
<i>Landbruksproduksjon</i>	<i>22</i>
<i>Omsetning og marknadstiltak</i>	<i>26</i>
<i>Handel og industri</i>	<i>32</i>
<i>Administrasjon</i>	<i>39</i>
<i>Kontroll</i>	<i>43</i>
<i>Klage- og dispensasjonssaker.....</i>	<i>45</i>



Administrerende direktør har ordet



Adm. direktør Ola Christian Rygh

Landbruket og næringsmiddelindustrien har i 2006 hausta positive effektar av veksten og framgangen i den generelle økonomien. Verds-handelen med landbruksvarer har vore prega av høg oljepris, valutakursendringar, velstandsutviklinga og etterspørselveksten i land som Kina, India, Brasil og Russland, dessutan vêr- og klimaforhold. Dette har ført til høgare prisar for nær sagt alle varer i verdshandelen med landbruksvarer. Klimamessig påverknad av avlingane og meir merksemd på alternative energikjelder (biodrivstoff) har vore med på å drive opp råvareprisane i landbruket. Høgare råvareprisar kan føre til auka produksjon mellom anna gjennom auka intensivering.

Erfaringane frå 2006 viser at det er nødvendig for landbruksstyresmaktene å følgje med på utviklinga internasjonalt. Det er ikkje berre internasjonal handelspolitikk i WTO og Noregs forhold til EU gjennom EØS-avtalen det er nødvendig å følgje med på, men også utviklinga i dei ulike landa. Styresmaktene må ha meir kunnskap om viktige landbruksland som USA og Brasil og i EU. Slik kunnskap blir viktigare for å kunne forstå utviklinga framover og for å kunne gi faglege råd og gjere berekningar og analysar.

Importen av landbruksvarer i 2006 var på 3,2 millionar tonn – tilsvarande ein verdi på 25 milliardar kroner. Dette er ei dobling av den nominelle importverdien sidan 1995 og ein auke i kvantum på 50 prosent. Næringsmiddelindustrien blir ved aukande import utsett for større internasjonal konkurranse. Eksporten av tilsvarande produkt er stabil.

EU er Noregs største handelspartner, og i 2006 var 69 prosent av landbruksvareimporten rekna i verdi frå EU. Land som er omfatta av Noregs ordning med tollpreferansar for varer frå utviklingsland (GSP-landa) står for 18 prosent av importen rekna i verdi. Dei minst utvikla landa (MUL) står for 0,4 prosent av verdien. Snittblomar står for ein stor del av MUL-importen. Importen frå GSP-land er prega av produkt med lågare tilarbeidingsgrad. Importen frå EU er derimot prega av høg tilarbeidingsgrad.

Det er ei gjensidig tilknytning mellom produksjon av norske landbruksråvarer og den landbruksbaserte næringsindustrien. Utviklinga i 2006 viser likevel at stadig fleire marknadsaktørar nyttar produksjonsanlegg utanfor Noreg der det blir produsert varer både for den norske marknaden og for den internasjonale marknaden. Det er mogleg gjennom ordninga for utanlands tilarbeiding av landbruksvarer. Råvarer frå Noreg kan førast ut for tilarbeiding i eit anna land og førast inn att som tilarbeidd vare til ein lågare tollsats enn ved ordinær import av tilsvarande ferdigvare. Ordninga for utanlands tilarbeiding er nytta innanfor dei fleste produksjonar, med raffinering av soyaolje som den største produktgruppa i volum. Så følgjer kjøttvarer, syltetøy og juice, dessutan meierivarer.

Marknaden for landbruksvarer innanlands har vore i vekst i 2006. Det er auke innanfor alle produksjonar, men det er vel grunn til særleg å peike ut kjøttsektoren generelt og svin og fjørfesektorane spesielt som vekstområde. Det ser ikkje ut til at E. coli-utbrotet i 2006 har hatt nokon effekt på den langsiktige tendensen i kjøttmarknaden.

Målprisane som blei avtalte i jordbruksoppgjeret, har vore tekne ut på alle produksjonar med unntak av svinekjøttsektoren. Den vedvarande overproduksjonssituasjonen har prega marknadsmoglegheitene for svinekjøttproduksjonen og omfattande marknadsreguleringstiltak.

Når det gjeld strukturutviklinga i norsk landbruk, viser tala for 2006 at det er stadig færre som søker om tilskot, men at produksjonsomfanget i dei fleste produksjonar er stabilt. Dette betyr at gjenomsnittssøkjaren har større areal og fleire dyr enn for eitt år sidan. Talet på føretak som søker om tilskot, er redusert med 1 620 søkjarar i forhold til i 2005. Denne nedgangen i talet på søkjarar er noko lågare enn føregåande år. Totalt var det 49 310 søkjarar i 2006 mot 50 850 i 2005.

På husdyrsida er det 1 160 færre søknader, og nedgangen kjem i all hovudsak av at føretak har gått inn i samdrifter, dessutan at føretak har selt mjølkekvoten sin. På arealsida ser vi at fordelinga på ulike vekstar er tilnærma som i 2005, dvs. at 2/3 av areala blir brukte til eng og beite og 1/3 til korn, poteter, grønsaker, frukt og bær.

SLF ser at den strukturutviklinga som skjer mellom anna i forhold til nye samarbeidsformer, drifts-samarbeid og utforming av nye verkemiddel, inneber utfordringar for eksisterande regelverk og forvaltninga av dei. Det behovet forvaltninga har for å styrkje kontrollverksemda, aukar, og SLF har sett i gang eit prosjekt om kontroll av tilskot til landbruket. Prosjektet vil bli avslutta i 2007. I dette arbeidet er vi i SLF opptekne av å vidareutvikle regelverket slik at det gir ønskt rom for utvikling i næringa, slik at fellesgoda blir tekne vare på og vi framleis har ei forsvarleg forvaltning.

Økologisk landbruk er blitt eit endå viktigare satsingsområde i 2006 som ei følgje av dei nye målsetjingane som regjeringa har på området. Regjeringa har som mål at 15 prosent av matproduksjonen og matforbruket skal vere økologisk i 2015. Den halvårlege rapporteringa for 2006 viser at det er eit stykke att til målet er nådd. Ved utgangen av 2006 var 4,33 prosent av arealet lagt om eller i karens. Innanfor husdyrproduksjonen utgjorde den økologiske produksjonen små mengder av det totale talet (mjølkekyr 2,1 prosent, ammekyr 4,8 prosent, sau og lam 1,3 prosent og verpehøns 1 prosent). SLF har også fått på plass eit system for registrering av omsetninga av økologiske varer i handelen. Omsetninga av økologiske varer blei i første halvår 2006 målt til i overkant av 0,6 prosent av total omsetning. Tala viser at det er nødvendig å satse breitt både på auka produksjon og marknadstilgang, og på nasjonale satsingar der heile offentleg sektor medverkar til større etterspørsel etter økologiske varer.

I 2004 blei det gjort ei endring i arbeidsdelinga mellom staten og kommunane på arealområdet. For å sikre oppfølginga av dei nasjonale måla om vern av jordressursar fekk SLF i 2006 motsegnrett i kommunale arealplansaker. SLFs erfaringar er at dei nasjonale måla på jordvernpolitikken blir følgde opp, men vi ser samtidig at det enno blir omdisponert verdifulle jordressursar i ein skala som gjer det krevjande å nå dei nasjonale måla om å halvere omdisponeringstakten innan 2010.

På miljørada legg vi bak oss det første gjennomføringsåret med regionale miljøprogram. Programma forankrar både det regionale og det lokale miljøarbeidet i landbruket. Dei ulike programma inneheld eit mangfald og fordeler seg både på kulturlandskaps- og forureiningstiltak. SLFs erfaringar med arbeidet så langt er at det har skapt meir aktivitet og engasjement. SLF har i denne samanhengen også etablert eit samarbeid med Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren for å få operasjonalisere det nasjonale målet på spesielt verdifulle kulturlandskap.


Statens landbruksforvaltning har dei to siste åra fått fleire oppgåver som skogbruksstyresmakt. Saman med den større satsinga på skogbruk og bioenergi frå Regjeringa, mellom anna med større tilskot og ei forbetra skogfondsordning, stiller dette større krav til SLF som skogbruksstyresmakt. SLF må styrkje innsatsen på skogbruksområdet for å ta hand om nye oppgåver og må lære å kjenne heile verdikjeda innanfor skogbruk og bioenergi og nye brukarar for SLF innanfor skogbruket.

SLF legg til rette for elektroniske tenester for brukarane, og i 2006 nytta drygt 30 prosent av alle landbruksføretaka i landet Internett for å søkje om produksjonstilskot – dette er gledelege tal og gir motivasjon for vidare utvikling. Tenestene som blir utvikla, blir gjorde tilgjengelege på nettstaden vår: www.slf.dep.no.

I SLF er vi opptekne av å vere ei open forvaltning og å følgje prinsippet om meir offentlegheit. I fjor blei det gitt innsyn i oversikta over utbetaling av produksjonstilskota for første gong. Det var ei av mange saker der SLF var involvert i mediebialetet.

I 2006 innleidde SLF arbeidet med å utarbeide ny strategisk plan for perioden 2007–2012. I den samanhengen blei det gjennomført ei eksternundersøking. SLF vil takke for at brukarar og samarbeidspartnarar tok seg tid til å svare på undersøkinga – ho har gitt oss mange gode og verdifulle innspel i arbeidet med ny strategi.

Ola Christian Rygh



Dette er Statens landbruksforvaltning

Statens landbruksforvaltning skal bidra til ei samordna, heilskapleg og effektiv forvaltning av økonomiske og juridiske verkemiddel retta mot landbruket og landbruksbasert næringsmiddelindustri og handel gjennom heile verdikjeda frå jord til bord.

Virksomhetsidé:

Statens landbruksforvaltning er ei utøvande og rådgivande verksemd under Landbruks- og matdepartementet. Statens landbruksforvaltning skal bidra til ei god ressursforvaltning og eit godt fungerande næringsliv i heile verdikjeda frå jord til bord.

Hovudmål

Statens landbruksforvaltning skal innanfor dei landbrukspolitiske rammene bidra til å:

- sikre ressursgrunnlaget for landbruksproduksjon og levande bygder
- sikre matproduksjonen og ei stabil matforsyning
- sikre ein stabil marknad og ein godt fungerande næringsmiddelindustri
- sikre eit godt fungerande importvern og oppfyljing av internasjonale forplikningar

Statens landbruksforvaltning skal vere ei velfungerande verksemd med initiativrike, endringsdyktige og serviceinnstilte medarbeidarar som gjennom forvaltning og rådgiving sikrar brukarane effektive tenester.

Strategiar

For å nå måla arbeider Statens landbruksforvaltning etter ein strategisk plan. Hovudmerkesemda er retta mot SLFs to hovudroller – utøvande og rådgivande. SLFs rolle som nasjonal fagmyndigheit skal utviklast vidare og peike ut retninga for SLFs vidare utvikling. Dei strategiske områda SLF fokuserer spesielt på, er:

Heilskapleg forvaltning og rådgiving

- Vidareutvikle SLF som nasjonal fagmyndigheit på dei ulike resultatområda
- Målrette og vidareutvikle SLFs kompetanse
- Vidareutvikle arbeidsformer som fremjar heilskapleg rådgiving og forvaltning

Samarbeid med andre

- Utnytte IKT og spesielt Internett til samhandling med brukarane (e-forvaltning)
- Utvikle forholdet til samarbeidspartnarar
- Sikre god informasjon og kommunikasjon med omverda

Effektivisering av forvaltninga

- Vidareutvikle effektive prosessar og bruken av IKT
- Auke formåls effektiviteten gjennom forenkling
- Vidareutvikle leiinga med vekt på måloppnåing og ressursbruk og målretta leiarutvikling
- Klargjere normer for kvalitet på SLFs ulike produkt

Statens landbruksforvaltning skal vere ei velfungerande verksemd med initiativrike, endringsdyktige og serviceinnstilte medarbeidarar som gjennom forvaltning og rådgiving sikrar brukarane effektive tenester.

Verdiar

Statens landbruksforvaltning legg til grunn desse verdiane for verksemda si:



Openheit — Samhald — Heiderlegheit

SLF forvaltar monalege beløp og handhevar lover og forskrifter som omfattar rettar og plikter som betyr mykje for dei dei har verknad for. SLFs verdiar skal mellom anna vere eit uttrykk for at arbeidet som blir gjort, skal halde høg kvalitet som toler merksemd frå omverda. Vedtak blir fatta med bakgrunn i brei kompetanse, og brukarane skal ha tillit til at dei har fått riktig behandling.

Organisasjonskart

Adm. direktør
Ola Christian Rygh

Viseadm. direktør
Marit Jerven
(Permisjon til 31.12.2007)

 Avdeling administrasjon Ragnði Robøle	 Avdeling ressurs og areal Aud Børset	 Avdeling landbruksproduksjon Reidar Olsen	 Avdeling omsetning og markedsiltak Per Gunnar Skorge	 Avdeling handel og industri Jørn Rolfsen
Personal og organisasjon	Avlingssvikt og naturskader	Velferd og kompetanse	Planteproduksjon og økologisk landbruk	Ekstern kontroll
Økonomi og budsjett	Miljø og kulturlandskap	Direkte tilskudd	Markedstiltak	Import
Dokumentasjon og informasjon	Arealbruksutvikling	Pristilskudd	Omsetning og markedsordningen for melk	Markeds- og prisutvikling
IKT og drift		Produksjonsregulering		Industriell bearbeiding og råvarepris-kompensasjon

Hovudmål for resultatområda

Resultatområdet administrasjon har oppgaver knytte til organisasjonsutvikling, personalforvaltning og økonomistyring, dessutan informasjon og kommunikasjon, dokumentasjon, IKT og drift. Dette skal bidra til ei velfungerande verksemd som utnyttar ressursane sine på ein effektiv måte, og som gjennom forvaltning og rådgiving sikrar brukarane effektive tenester.

Resultatområdet ressurs og areal skal bidra til å sikre ressursgrunnet for landbruksproduksjon og levande bygder. Arbeidsområda omfattar utvikling og forvaltning av verkemiddel og tiltak knytte til arealbruk, miljø og kulturlandskap og erstatning. Ressurs og areal har vidare det koordinerande ansvaret i SLF overfor fylkesmannsembeta.

Resultatområdet landbruksproduksjon skal bidra til å sikre matproduksjonen og ei stabil matforsyning. Arbeidsoppgåvene er knytte til utvikling og forvaltning av inntekts- og velferdsordningar, dessutan dei produksjonsregulerande verkemidla mjølkekvotar og husdyrkonsesjon. Felles for ordningane er at det er primærproduzenten som er målgruppe. Ansvar for koordinering av innspel til jordbruksoppgjeret høyrer inn under dette.

Resultatområdet omsetning og marknadstiltak skal bidra til å sikre ein stabil marknad og ein velfungerande næringsmiddelindustri. Ansvarsområda innanfor resultatområdet er økologisk landbruk, forskning, planteforedling og oppfostring, beredskap, pelsdyr, dessutan marknadsreguleringsiltak innanfor marknadsordningane for mjølk, kjøtt, egg, grønt, potet og korn. SLF er sekretariat for Omsetningsrådet, Fondsstyret og Avtalestyret. Dei to førstnemnde har eigne årsmeldingar.

Gjennom eit godt fungerande importvern, oppfylging av internasjonale rettar og forpliktingar, dessutan ein godt fungerande næringsmiddelindustri, blir levedyktige forhold for norsk landbruksproduksjon sikra. Dei viktigaste ansvarsområda til resultatområdet handel og industri er importvern (toll, tollreduksjonar, importkvotar), ordninga med råvarepris-kompensasjon, eksportstøtteordningar, ekstern kontroll, marknadsovervaking og prisinnhenting.




Årskavalkade 2006

Januar



18 millionar til nye forskingsprosjekt
Fondsstyret og Avtalestyret har løyvd 18 millionar kroner til nye prosjekt innanfor matforskning og arealbasert næringsutvikling for 2006. To millionar kroner er øyremerkte dyrevelferdsprosjekt. SLF er sekretariat for Fondsstyret og Avtalestyret.

Februar



Beredskap mot fugleinfluensa
Vinteren 2005/2006 blei det påvist fugleinfluensa i fleire land. SLF deltok i arbeidet med nasjonale beredskapstiltak i tilfelle sjukdommen skulle komme til Noreg. SLF utarbeidde forslag til ei kompensasjonsordning for fjørfeføretak, som etter eventuell påvisning av fugleinfluensa vil få store restriksjonar. SLF hjelpte også Matilsynet med oversikt over lokalisering av fjørfebesetningar.

Mars



Innskjerpar jordvernet
I eit felles brev til kommunar og fylke innskjerpar landbruks- og matministeren og miljøvernministeren jordvernet. Norsk matjord er ein knapp ressurs som det er eit nasjonalt ansvar å ta vare på. Desse verdiane er trua av omdisponering av areal og høgt omfang av dispensasjonar frå planar (bit-for-bit-nedbygging). SLF får no myndigheit til å fremje motsegn mot kommunale planar i tilfelle der ikkje fylkesmannen og fylkeslandbruksstyret blir einige om klage.

April



Bønder betaler for god kjøkkenhygiene
Påvisning av E. coli-smitte i enkelte speke-matprodukt har skapt uvisse blant forbrukarane. No løyver Omsetningsrådet, som er finansiert av norske bønder, 3,5 millionar kroner til ein opplysningskampanje om kjøkkenhygiene. SLF er sekretariat for Omsetningsrådet.

Mai



Jordbruksoppgjæret 2006
Det blei semje mellom staten og jordbruksorganisasjonane om jordbruksavtale for 2007. Før forhandlingane gav SLF vurderingar og tilrådingar, dessutan utarbeidde SLF budsjettprognosar for dei verkemidla som SLF forvaltar. Forhandlingsresultatet innebar ei rekkje oppgåver for SLF: endring av regelverk, tilpassing av IKT-system og forvaltningsrutinar, dessutan informasjon til brukarar og forvaltning.

Juni



Meir EU-ost
Forhandlingar mellom Noreg og EU-kommisjonen førte til at den tollfrie kvoten for import av ost frå EU blei auka med 500 tonn, til 4 500 tonn årleg. Endringa blei sett i verk 1. november. I 2006 blei halvparten, 250 tonn, fordelt blant importørar.

Juli



Foto: SCANPIX

Brot i WTO-forhandlingane

Den 24. juli blei det brot i WTO-forhandlingane. Formann Pascal Lamy annonserte utsetjing i forhandlingane på ubestemt tid. Det skjedde etter at USA nekta å godta krav om større kutt i internstøtta. Allereie ved utgangen av april 2006 konkluderte forhandlarane i Genève med at det ikkje ville vere mogleg å overhalde fristen 30. april for å ha ferdig regelverket for reduksjon av tollsatsar og landbruksstøtte. Først i midten av november blei ein einige om å ta opp tråden att, og nye forhandlingar blei annonserte den 7. februar 2007.


August



Mjølkekvotar til Finnmark

646 kumjølkeprodusentar selde mjølkekvotane sine i 2006. Desse kvotane selde SLF vidare til vel 8 200 mjølkeprodusentar. For første gong blei 10 prosent av den kvotemengda SLF kjøpte, prioritert til eigedommar med økologisk mjølkeproduksjon. Dette gav eit kvantum på ca. 1,8 millionar liter øyremerkte til økologisk mjølkeproduksjon. 170 produsentar nytta høvet til å kjøpe særskild kvote til økologisk mjølkeproduksjon. I tillegg blei 1 million liter av den kvotemengda SLF kjøpte, prioritert til produsentar i Finnmark. 134 produsentar kjøpte kvote i Finnmark.

September



«Naturlig bortskjemt mat»

For første gong har daglegvarekjedene i Noreg gått inn i eit unikt samarbeid gjennom satsinga «Naturlig bortskjemt mat». Kampanjen er eit samarbeid mellom ICA Norge, Norgesgruppen, Coop, Rema 1000 og Helios, med bidrag frå SLF.

Oktober



Foto: Terje H. Barøel, Norges geologiske undersøkelse

Sikring – store fjellskred

Styret for Statens naturskadefond gav tilsegn om tilskot til to søknader for utgreiing av risiko for store fjellskred og etterfølgjande flodbølgje. 3,3 millionar kroner går til Nordnesfjellet i Troms og 3 millionar kroner til Sogn og Fjordane fylkeskommune for fleire kommunar her. Desse prosjekta knytte til store fjellskred kjem i tillegg til tilsegn på 30 millionar kroner til Åkneset før i år.

November



God frukthøst

Tørt fint sommarvår gjorde sitt til gode fruktavlingar i Noreg. Spesielt epla treivst godt. Det blei omsett over 9000 tonn norske eple til konsum i 2006-sesongen, det beste resultatet sidan 2002, som var eit svært godt år. Tilgangen på frukt av god kvalitet var bra, utan at det var overproduksjon. Dei første små kvantuma eple kom i veke 33, men tilførslane auka raskt. Tidlegsortane Geneva Early, Vista Bella og Julyred viste i 2006 alle ein markert auke i tilførslane frå tidlegare år. Lenger ut i eplesesongen var det dei tradisjonelle sortane Summerred, Raud Gravenstein og Aroma, vanleg og raud, som var totalt dominerande.

Desember



Mindre kornavlingar – høgare pris

Tørkesommar i Europa følgd av regn i innhaustingsperioden hausten 2006 gav ei europeisk avling på 2–3 millionar tonn under føregåande sesong. I tillegg var det gjennomgåande mindre kornavlingar over heile verda samanlikna med føregåande år. International Grains Council (IGC) prognoserer ei avling på ca. 587 millionar tonn, ein nedgang på 5 prosent frå føregåande år for kveite. Det er store volumreduksjonar det er snakk om, og forbruket på verdsbasis overgår langt produksjonen i 2006.

Rekneskap 2006



Statens landbruksforvaltning (SLF) forvaltar midlar både gjennom statens løyingsrekneskap og gjennom statlege og ikkje-statlege fond. SLF har rekneskapsføraransvaret for desse statlege fonda:

- Jordfondet
- Landbrukets utviklingsfond (LUF)
- Skadefondet for landbruksproduksjon
- Etter- og vidareutdanningsfondet i landbruket (EVL)
- Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt
- Utviklingsfondet for skogbruket

Vidare har SLF rekneskapsføraransvaret for desse ikkje-statlege fonda:

- Prisetjningsordninga for mjølk
- Omsetningsrådet
- Kvoteordninga for mjølk

For Etter- og vidareutdanningsfondet i landbruket (EVL) og fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt har SLF delt forvaltningsansvar med Fondsstyret, jf. fondsvedtektene. Midlane blir løyvdde av Fondsstyret, mens dei andre oppgåvene knytte til forvaltninga av midlane blir utførte av SLF.

SLF har også ansvar for sekretariatsfunksjonen for Omsetningsrådet og styret for forskingsmidlar over jordbruksavtalen (Avtalestyret).

SLFs utbetalningar knytte til statens løyingsrekneskap i 2006

Statens landbruksforvaltning (SLF)		Rekneskap	Rekneskap
UTGIFTER		2006	2005
900.0129	Nærings- og handelsdepartementet	–	180 833
1115.70	Tilskot til veterinær beredskap	2 900	204 579
1139.70	Genressursar, miljø- og ressursregistrering	6 025 000	6 587 996
1143.01	Driftsutgifter Statens landbruksforvaltning	160 508 938	157 479 282
1143.50	Dekning av rentekrav EVL-fondet	–	4 400 000
1143.70	Tilskot til kornberedskap	340 556	295 985
1143.71	Støtte til små slakteri	3 140 398	4 298 512
1143.72	Erstatningar	275 341	275 341
1143.73	Tilskot til erstatningar m.m.	28 712 406	17 673 134
1143.74	Tilskot til prosjekt innanfor planteforedling	12 287 750	11 267 000
1143.75	Tilskot til matkorn	–	70 015 920
1148.70	Tilskot til sikringstiltak	32 840 000	21 509 402
1148.71	Naturskade – erstatningar	80 275 555	67 512 845
1149.50	Tilskot til Landbrukets utviklingsfond	322 188 000	295 500 000
1149.51	Tilskot til Utviklingsfondet for skogbruket	3 271 000	3 170 000
1149.71	Tilskot til langtransport av skogvirke	73 000	–
1150.50	Fondsavsetningar	577 720 000	307 200 000
1150.70	Marknadsregulering	208 040 411	202 336 971
1150.73	Pristilskot	1 919 952 677	2 027 265 652
1150.74	Direkte tilskot	6 503 566 313	6 476 107 951
1150.77	Utviklingstiltak	160 467 951	156 263 825
1150.78	Velferdsordningar	1 340 608 001	1 289 043 928
Sum utgifter		11 360 296 197	11 118 589 158
% -vis endring sidan føregåande år		2,2 %	

Tabellen på side 10 viser SLFs utgiftsføring gjennom statens løyingsrekneskap. SLFs utgiftsføring i statsrekneskapen i 2006 er 241,707 millionar kroner (+ 2,2 prosent) høgare enn i 2005. Årsaka til dette finn ein først og fremst i høgare utbetalingar i samband med tilskotsordningane i jordbruksavtalen, tilskot til naturskade, erstatningar og sikringstiltak.

SLFs inntektsføring gjennom statens løyingsrekneskap i 2006

Statens landbruksforvaltning (SLF)		Rekneskap	Rekneskap
INNETEKTER		2006	2005
4143.01	Driftsinntekter, SLF	-33 374 037	-32 978 602
4143.18.11	Refusjon sjukepengar	-3 598 564	-3 439 017
4143.18.12	Refusjon arbeidsgivaravgift	-926	-472 934
4150.80	Marknadsordninga for korn	-138 405 004	-124 442 668
4150.70	Tilbakebetalt tilskot reguleringsanlegg	-	-3 381 000
5309.29	Tilfeldige inntekter Finansdepartementet	-602 287	-2 543 994
5511.71	Auksjonsinntekter frå tollkvotar	-116 026 120	-76 299 548
5605.83	Renteinntekter	-251 057	-355 744
5700.12	Arbeidsgivaravgift	-10 391 473	-10 392 275
Sum inntekter		-302 649 468	-254 305 782
%vis endring sidan føregåande år		19,0 %	

Tabellen over viser SLFs inntektsføring gjennom statens løyingsrekneskap. SLFs inntektsføring i 2006 er 48,343 millionar kroner høgare (19 prosent) enn i 2005. Årsaka til dette finn ein først og fremst i høgare inntekter i samband med auksjon av tollkvotar og marknadsordninga for korn.

Fondsrekneskap 2006

Nemning			Finans-	Resultat
	Inntekter	Utgifter	inntekter	
Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt	93 037 798	107 240 178	2 923 440	-11 278 940
Prisutjæmningsordninga for mjølk	664 067 536	651 383 822	3 239 350	15 923 064
Jordfondet	-	28 669 224	-	-28 669 224
Landbrukets utviklingsfond ¹⁾	887 746 240	879 500 248	34 712 481	42 958 473
Skadefondet for landbruksproduksjon ¹⁾	12 750 000	40 097 279	795	-27 346 484
Etter- og vidareutdanning i landbruket	-	5 673 031	665 508	-5 007 523
Utviklingsfondet for skogbruket ¹⁾	3 271 000	5 206 986	318 995	-1 616 991
Kvoteordninga for mjølk	65 867 417	86 049 106	230 819	-19 950 870
SUM	1 726 739 991	1 803 819 875	42 091 389	-34 988 494

¹⁾ Inntektene til fonda består i hovudsak av overføringar frå statens løyingsrekneskap – fondsavsetningar.

Omsetningsrådets rekneskapar er ferdige først våren 2007 og blir lagde fram for rådet primo juni.

For nærare omtale av dei enkelte fondsrekneskapa og tilskotsordningane og SLFs inntekter viser vi til SLFs Årsrapport del I, som blei send over til Landbruks- og matdepartementet 15.02.2007.

Den norske kjøttmarknaden

Nordmenn et stadig meir kjøtt. Sidan 1990 har det årlege forbruket av kjøtt auka med 17 kilo per person.¹ Forbruket av svinekjøtt er høgast med 24,8 kilo per innbyggjar per år, så kjem storfe med 19,4 kilo og fjørfe med 12,6 kilo, og til sist sau/lam med 6,1 kilo per innbyggjar per år.²

Statens landbruksforvaltning (SLF) forvaltar fleire verkemiddel som har som føremål å leggje til rette for innanlandsk produksjon og omsetning av kjøtt. Dei viktigaste verkemidla er konsesjon, tilskot, marknadsreguleringa og importvernet. Dette skal sikre at forbrukarane får dei varene dei vil ha, til nokolunde lik pris i heile landet, samtidig som produsentane og næringsmiddelindustrien får nødvendige rammevilkår.

Under skal vi gi ei samla oversikt over totalmarknaden for kjøtt i 2006, og vi skal også sjå på korleis SLFs verkemiddel er nytta i same periode.

Samla kjøttproduksjon og import/eksport i 2006

Samla norsk produksjon av kjøtt var i 2006 på knappe 290 000 tonn. Det blei vidare importert 7 400 tonn kjøtt som råvare, og tilsvarande eksportert 8 000 tonn. I tillegg reknar ein omfanget av grensehandelen med Sverige til totalt 24 000 tonn storfe-, svine- og kyllingkjøtt.³ Dette gir ein part norskprodusert vare i den norske råvaremarknaden på 90 prosent. Tabellen under viser dette i tillegg til dei respektive partane for storfe, gris, lam/sau og fjørfe. Som det går fram av tabellen, er svinekjøttproduksjonen den største kjøttproduksjonen i Noreg. Ei oversikt over produksjonen for 2006 viser at produksjonen av slaktekyllingar skil seg frå dei andre husdyrproduksjonane ved ein markert auke i volum. For dei andre husdyrproduksjonane var det ingen store endringar i 2006.

Den offisielle kjøttimporten syner at det teke inn mest storfekjøtt i 2006, men også ein del svinekjøtt. Grensehandelsrapporten reknar vidare med at vi kjøper relativt store mengder kjøtt i Sverige, der kylling utgjør mest blant kjøttslaga. Det blir eksportert mest svinekjøtt. Eksporten må sjåast i forhold til den marknadssituasjonen som har vore i svinekjøttmarknaden det siste året, og bruken av reguleringseksport. Det er også reguleringseksportert storfekjøtt, men WTO-kvoten avgrensar omfanget til 1 500 tonn, mens svinekjøttkvoten er på ca. 3 800 tonn. Lam er den minste kjøttproduksjonen, og import-/eksportvolumet er svært lite.

Totalt produserte og omsette mengder storfe-, svine- og lammekjøtt i Noreg i 2006 (i tonn)

Tonn kjøtt	Tonn kjøtt	Part storfe, i prosent	Part gris, i prosent	Part lam, i prosent	Part fjørfe, i prosent
Samla produksjon	289 590	30	40	8	21
Import råvarer, offisiell	7 385	61	30	6	3
Import råvarer, grensehandel	23 950	30	30	0	40
Eksport råvarer	8 019	23	72	1	4
Totalt tilført norsk marknad	312 905	31	38	8	23
Part norsk produksjon i marknaden (i prosent) ¹	90	88	92	98	86

Kjelde: Anslag for norsk produksjon for storfe, svin og lam, Prognoseutvalet for kjøtt, januar 2007. Anslag for norsk produksjon av fjørfe (her avgrensa til kylling, høns og kalkun), budsjett 2006 jf. totalalkylen, juni 2006. Import- og eksporttal refererer seg til handelsstatistikken frå SSB (refererer seg til kapittel 2 i tolltariffen, posisjonar for reint kjøtt, etande slakteavfall og spekt/salta/røykt kjøtt som omfattar dei fire kjøttslaga). Tal for grensehandel er baserte på rapporten "Gränshandeln med Norge" frå det svenske Jordbruksverket, hausten 2006.

¹ Her definert som norsk produksjon (minus eksport) sin part av det som totalt er tilført marknaden.

I tillegg til handelen av råvarer har det blitt importert 2 200 tonn kjøttprodukt og eksportert 2 300 tonn. Dette består i all hovudsak av ulike pølseprodukt.

¹ Kjelde: Sosial- og helsedirektoratet, Utviklingen i norsk kosthold 2005.

² Kjelde: Norsk Landbruksstatistikk, Aktuelle tall i landbruket - 2005(ref. Prognoseutvalet for kjøtt)

³ Basert på ein rapport frå det svenske Jordbruksverket, rapporten spesifiserer ikkje lammekjøtt.

Verkemiddel i produksjon og omsetning av kjøtt

Tilskot og konsesjon

Dei ulike tilskota er avgjerande for lønnsmeda i landbruksføretaka og for nasjonal matproduksjon. Særleg gjeld det for mjølk og arealbasert kjøttproduksjon, som er ein berebjelke i norsk landbruk. Dei viktigaste tilskota for kjøttproduksjonen er ulike former for husdyrtilskot, tilskot til areal og pristilskot. Tilskota er i stor grad differensierte i forhold til geografi og bruksstorleik slik at det skal gi grunnlag for ein variert bruksstruktur i dei ulike områda av landet. Gjennom jordbruksoppgjeret skjer det årleg fleire endringar i satsar og vilkår knytte til ulike ordningar for å få ei ønskt tilpassing og utvikling. Sett i forhold til at det tek tid å endre dyrehald, og at dei årlege endringane i tilskotssatsane vanlegvis er relativt små, vil ikkje desse endringar ha direkte følgjer for kjøttmarknaden på kort sikt.

Gjennom husdyrkonsesjonsregelverket blir produksjonen av svin og fjørfe regulert. Husdyrkonsesjonsregelverket gir høve til å produsere konsesjonsfritt opp til 2 100 konsesjonseiningar.⁴ For å kunne produsere utover dette omfanget må ein ha konsesjon. Formålet med konsesjonsregelverket er at det skal bidra til å fordele dei kraftfôrbaserte produksjonane på fleire einingar. I 2003 blei konsesjonsgrensene auka med 50 prosent for begge dyreslaga. Auken av konsesjonsgrensa på svin er éi av fleire medverkande årsaker til overproduksjonen av svin i 2006.

Marknadsregulering

Marknadsreguleringa har som formål å sikre at alle kjøttprodusentar får levert dyra til eit slakteri (mottaksplicht), og at den prisen dei får for slaktet skal vere stabil og liggje nærast mogleg det nivået som er bestemt i jordbruksavtalen (målpris). Vidare skal marknadsreguleringa sikre at forbrukarar og foredlingsbedrifter i alle delar av landet får kjøpe kjøtt til nokolunde like prisar.

I rolla som marknadsregulator pliktar Nortura å ta imot slakt frå alle primærprodusentane som ønskjer å levere, også dei som ikkje er medlemmer av samvirkeføretaket. Denne mottaksplichta er viktig med tanke på å sikre produksjon i alle landsdelar og for små så vel som store produsentar.

Marknadsreguleringa skal i første rekkje ta hand om dei sesongmessige eller meir tilfeldige svingingane i marknaden. Tiltaka som blir sette inn, kan til dømes vere fryselagring eller eksport. Det kan også nyttast produksjonsregulerande tiltak for å redusere mengda av kjøtt som kjem på marknaden. Omsetningsavgifta blir også nytta til å finansiere faglege rettleiingstiltak retta mot produsentar og industri og opplysningsverksemd retta mot forbrukarar. Formålet er å fremje omsetninga av norsk kjøtt.

Den største utfordringa på marknadsreguleringsida i 2006 var overskotet av svinekjøtt på den norske marknaden. Eit viktig tiltak som blei sett inn, var ei ordning med kompensasjon for låge slaktevekter, dvs. at bonden og slakteria blir kompenserte for nedgang i slaktevekt. I tillegg var det nødvendig å halde fast ved ei høg omsetningsavgift, og det blei løyvd 8 millionar kroner ekstra til generell marknadsføring på kjøttida, mellom anna grunngitt i overskotet på svinekjøtt. Marknadsregulator måtte i tillegg halde prisen på svinekjøtt godt under målpris. Eksisterande moglegheit for eksport av svinekjøtt blei også nytta.

I 2006 oppstod det ein alvorleg situasjon knytt til E. coli-smitte, som førte til alvorleg sjukdom og eitt dødsfall. For produsentane resulterte dette mellom anna i at store mengder kjøtt, spesielt kjøttdeig, måtte destruerast. I perioden før smittekjelda blei funnen merka kjøttbransjen ein stor nedgang i salet, men nedgangen blei forholdsvis kortvarig. I regulerings-samanheng gav denne saka ingen vesentlege følgjer. I samband med E. coli-utbrotet løyvde Omsetningsrådet i april 3,5 millionar kroner til ein kjøkkenhygienekampanje i regi av Opplysningskontoret for kjøtt. Formålet med kampanjen var å bidra til at forbrukarane skal kjenne seg trygge på korleis dei sjølv skal behandle kjøtt på ein hygienisk riktig måte.



⁴ Ein slaktegris blir rekna som éi konsesjonseining, ei avlspurke som 20 konsesjonseiningar, ei avlspurke i purkering som 40 konsesjonseiningar, ein slaktekylling som 0,0175 konsesjonseiningar, ein kalkun som 0,07 konsesjonseiningar og ei høne som 0,28 konsesjonseiningar.



Marknadsreguleringa blir finansiert av kjøttprodusentane sjølve gjennom ei avgift – omsetningsavgift – på kvart kilo kjøtt som dei leverer. Alle vestlege land driv ei form for marknadsregulering, men det norske systemet der bøndene sjølve betaler kostnadene ved overproduksjon, er unikt. Avgiftsmidlane blir forvalta av Omsetningsrådet, eit partssamansett organ oppnemnt av Landbruks- og matdepartementet. Sjølve gjennomføringa av reguleringstiltaka i kjøttsektoren er lagd til Nortura som marknadsregulator for kjøtt.

I jordbruksforhandlingane i 2005 blei det bestemt at vesentlege delar av marknadsreguleringa for fjørfekjøtt skulle avviklast frå og med 2007. Endringa betyr at Prior Norges (no Nortura) rolle som marknadsregulator for fjørfekjøtt blir avvikla saman med målpris og regulerande tiltak på tilbodssida. Reguleringa for fjørfekjøtt blir endra i ein periode då næringa ikkje opplever overskotsproblem. Det er snarare ei utfordring å svare på den aukande etterspørselen. Det er for tidleg å seie noko om kva følgjer avreguleringa vil få når det gjeld prisnivå og prisstabilitet. Avviklinga av mottakplikta kan få følgjer for fjørfekjøttprodusentane og for bønder som ønskjer å begynne med fjørfekjøtt, men slike utslag vil truleg først vise seg i ein eventuell framtidig overskotssituasjon.

Marknad og tollordningar

Marknadene for storfe, lam og fjørfe har vore i relativt god balanse, og målprisane har stort sett blitt tekne ut både for avtaleåret 2005–2006 og så langt i inneverande avtaleår. Målprisen for storfe og fjørfe blei ikkje endra i førre jordbruksavtale, mens målprisen for lam blei sett opp eit par kroner. For svin sin del har derimot ikkje målprisen vore teken ut sidan avtaleåret 2004–2005 blei innleidd. Dette trass i at målprisen blei justert ned til inneverande avtaleår. Med overskot av svinekjøtt og balanse blant dei andre kjøttslaga var det ikkje behov for administrativ tollreduksjon i 2006. Med relativt høge tollsatsar for kjøtt blir importen i 2006 grunngitt først og fremst med internasjonalt avtalte kvotar og preferanseavtalar til til dømes u-land.

I 2006 blei det fordelt fleire importkvotar for kjøttvarer ved auksjon. Storfekjøttkvoten var den klart mest ettertrakta blant kvotane for landbruksvarer. Heile 4 700 bod kom på auksjonen for denne kvoten, og auksjonsbeløpet blei på 45,80 kroner per kilo. I tillegg kjem ein kvotetollsats på 33,60 kroner per kilo mot ordinær tollsats på 119,01 kroner per kilo. Kvoten blir derfor høgst truleg berre brukt til import av meir kostbare stykningsdelar som biffar og filetar. Vidare relaterer ein del av råvareeksporten og ferdigvareimporten (til dømes pølser) seg til mogleghetene som forskrift om tollnedsettelse for landbruksvarer som gjeninnføres etter tilarbeiding i utlandet, sett i verk 1. juli 2005, gir. Det har vore stor interesse for ordninga, og det er i dag særleg på kjøttvarer at ordninga blir brukt. I 2006 blei det importert om lag 2 500 tonn kjøtt etter utanlands tilarbeiding. Utover ordinære preferanseavtalar har Botswana og Namibia høve til å eksportere inntil 2 700 tonn storfekjøtt til Noreg. Dei har dessutan, som MUL (minst utvikla land), tilgang til å eksportere lammekjøtt toll- og kvotefritt til Noreg.

Nokre viktige utfordringar for norsk kjøttproduksjon

Generelt kan ein seie at rammevilkåra for norsk kjøttproduksjon har vore relativt stabile dei siste åra, sjølv om det har skjedd ei gradvis strukturrasjonalisering. Hovudtendensen er færre produsentar og større produksjonseiningar. Dette biletet har vist seg også i 2006.

Ein eventuell ny WTO-avtale vil kunne bli ei utfordring for norsk landbruk, inkludert kjøttproduksjonen. Det er for tidleg å seie konkret kva ein ny avtale vil kunne innebære, men det vil truleg bety ein reduksjon og ei omlegging av støtteordningar og tilskot til landbruksproduksjonen, der støtta i større grad blir frikopla og produksjonsuavhengig. Vidare har det så langt vore semje i WTO om at eksportstøtta skal avviklast. Dette vil bli ei utfordring for marknadsreguleringa, der ein i dag nyttar eksport til å handtere temporære overskot i den norske kjøttmarknaden. Eit anna element er auka marknadstilgang, som inneber auka moglegheit for import av kjøtt og kjøttvarer og tilsvarande prispress i den norske marknaden. I ein eventuell situasjon med avgrensa moglegheit til å gi produksjonsavhengige tilskot, avgrensa moglegheit til å regulere marknaden og auka konkurranse utanfrå vil det bli ei utfordring å sikre god økonomi i norsk produksjon av kjøtt og kjøttprodukt gitt kostnadsnivået i dag.

Ein grunnleggjande føresetnad for norsk kjøttproduksjon er avsetning av varene innanlands. Det fordrar at det finst slakteri og skjere- og foredlingsbedrifter som kan ta hand om varene. Ei stadig utfordring er derfor å sikre næringsmiddelindustrien levedyktige rammevilkår. Ulike ordningar som blir forvalta av SLF, er spesielt retta inn mot dette. Med sterke økonomiske interesser til stades blir det stadig gjort produktutvikling og tilpassingar for å kunne utnytte den store prisforskjellen som generelt er mellom norske og utanlandske råvarer, dessutan kostnadsforskjellar knytte til foredling. Ordninga med utanlands tilarbeiding har vore sentral i samband med foredlingskostnader, der ein registrerer at ordninga i stadig større grad blir brukt til kutting, pakking og emballering i utlandet utan at det blir sett til råvarer. Eit døme på dette er oppskjering av skinker og pølser.

Konkurransen mellom aktørane i kjøttforedlingsindustrien blir stadig hardare, noko som skaper utfordringar i reguleringa av marknaden. Forvaltninga har ei viktig utfordring i å medverke til at reguleringssystemet skal verke mest mogleg konkurranseøytralt, og at marknadsregulators plikter og rettar balanserer.



Marknadsregulator har ansvar for å leggje til rette for at ein skal kunne ta ut målprisen i marknaden, og har vidare ansvar for at prisuttaket til kvar tid utgjør maksimalt målprisen + 10 prosent. Akkumulert for avtaleåret skal ikkje utteken pris vere over målprisen. Målprisen blir bestemt for eitt år om gongen i jordbruksavtalen. Jordbruksavtalen definerer også målprisgrunnlaget som omfattar utvalde varer omsette av marknadsregulator. Andre aktørar står fritt til å ta ut den prisen dei ønskjer.

Ressurs og areal

Resultatområdet ressurs og areal skal bidra til å sikre ressursgrunnlaget for landbruksproduksjon og levande bygder. Arbeidsområda omfattar utvikling og forvaltning av verkemiddel og tiltak knytte til arealbruk, skog, miljø og kultur-landskap, dessutan erstatningsordningar. Ressurs og areal har det koordinerande ansvaret i SLF overfor fylkesmannsembeta.

Jordvern, arealbruk og eigedom

Arealplanlegging

SLF har utvikla vidare kontakten med fagnettverket for saksbehandlarar hos fylkesmennene med ansvar for areal- og plansaker.

For å sikre oppfølginga av dei nasjonale måla om vern av jordressursar på ein betre måte fekk SLF i mars 2006 motsegnrett (bokmål: innsigelsesmyndighet) i kommunale arealplansaker. Dette gjeld saker der fylkesmannen fremjar innstilling til fylkeslandbruksstyret om motsegn og fylkeslandbruksstyret ikkje følgjer innstillinga. I 2006 hadde SLF 13 slike saker til behandling, fordelt på 8 fylke. SLF fremja motsegn i 10 av sakene.

SLF får til orientering alle saker der fylkesmannen innstiller på motsegn, og ser at embeta i hovudsak følgjer opp jordvernpolitikken på ein god måte. Ordninga har medverka til ein tettare kontakt mellom fylkesmannsembeta og SLF rundt arealpolitikken.

SLF har i 2006 analysert innsamla tal for omdisponert areal frå 2005. Desse tala er svært usikre grunna stor grad av underrapportering frå kommunane. Det er sett i gang eit arbeid overfor samarbeidspartnarane våre med å forbetre rapporteringsrutinane. Eit klart funn er likevel at det framleis blir omdisponert verdifulle jordressursar i eit omfang som betyr at det blir svært krevjande å nå det nasjonale målet om å halvere omdisponeringstakten før 2010.

Utbyggingssaker og verneplanar

I 2006 har SLF komme med høyringsfråsegn i 26 energisaker, av dei 15 vindmølleprosjekt og 7 saker som gjaldt kraftleidningar. Desse prosjekta treng sjeldan viktige produksjonsareal, men SLF har i fleire fråsegner peikt på moglege negative effektar. Mellom anna har dette dreidd seg om landskapsdegradering som kan ha negativ innverknad på nye landbruksrelaterte næringar baserte på til dømes reiseliv.

Vi har komme med høyringsfråsegn til 15 verne- og forvaltningsplanar etter naturvernlova. 9 av desse sakene gjaldt naturreservat. SLF har ikkje gått imot nokon verneforslag, men har i hovudsak gitt innspel om å fjerne unødige restriksjonar på, og leggje til rette for, eksisterande og framtidig landbruksverksemd som ikkje kjem i konflikt med formålet med vernet. Ein del saker gjeld frivillig vern av barskog. I desse er det i mange tilfelle opning for ei viss miljøbasert næringsutvikling, noko SLF ser positivt på.

Odelslova, jordlova, konsesjonslova og fjellova

SLF har ansvar for å forvalte dei juridiske verkemidla når det gjeld jordlov, konsesjonslov og odelslov, dessutan enkelte saker etter fjellova. Totalt er det behandla 28 saker på dette området i 2006. Etter overføringa av oppgåver til kommunen i 2004 har det vore auka behov for informasjon og opplæring.

Vi har fokusert særleg på dette området, og i 2006 gjennomførte vi ei undersøking blant fylkesmennene om informasjonsbehovet hos kommunar og fylkesmenn rundt dei juridiske verkemidla. Undersøkinga gir eit stort sett positivt inntrykk av den rettleiinga fylkesmennene har stått for overfor kommunane. Det kjem også fram at fylkesmennene set pris på fagsamlingar, og dei trekkjer fram telefonkontakt med SLF som særleg nyttig. Det er eit jamt behov for informasjon om regelverk og rammene for skjønnet både i kommunane og hos fylkesmennene.

SLF er klageinstans i odelsfrigjeringsaker og behandla 7 slike saker i 2006. Eigedommen blei frigjord for odel i 4 av desse. SLF tok over rettleiingsansvaret for odelslova frå Landbruks- og matdepartementet (LMD) den 1. desember 2006, og det har frå dette tidspunktet vore ein jamn pågang av førespurnader frå enkeltpersonar og advokatar.

I 2006 blei det gjennomført ei undersøking i nokre utvalde kommunar om handtering av buplikt og priskontroll. Formålet var å kartleggje korleis kommunane behandlar søknader om fritak frå lovbestemt buplikt ved konsesjonsfritt kjøp etter odels- og konsesjonslova, og korleis priskontrollen blir sikra. Det ser ut til at det er ei gradvis utvikling i retning av at høgare prisar blir aksepterte. Utover dette gir undersøkinga ingen indikasjonar på at overføringa av myndighet til kommunane har ført til vesentlege endringar i praksis innanfor dette feltet.

Jordfondet

Sal av jordfondseigedommar er gitt høg prioritet slik at ein raskast mogleg får frigjort midlar til å gjennomføre det skogsvernet som er vedteke. Disponible midlar er gjennom året auka med ca. 17,5 millionar kroner til 42,2 millionar kroner per 31. desember 2006. Som ei følgje av vernevedtak hausten 2005 er desse midlane og dei midlane som framover blir frigjorde ved sal av jordfondseigedommar, bundne opp til finansiering av vern på Statskog SFs grunn.

Utfordringar framover

- Kommunane har eit stort handlingsrom innanfor arealplanlegging og enkeltsaker etter særlovene i landbruket, samtidig som det nasjonalt er sett klare mål for vern av jordressursar og kulturlandskap.
- I område med stort utbyggingspress er konfliktane mellom sikring av areal og utbygging sterke.
- Den kommunale rapporteringa av omdisponert areal er ufullstendig, noko som gjer det problematisk å dokumentere den reelle utviklinga i omdisponeringstakten.
- Staten via SLF og fylkesmennene har eit ansvar for å sjå til at dei arealpolitiske måla blir nådde i arealplanlegginga på lokalt nivå. I tillegg har staten sjølv som ansvarleg for utbyggingsverksemdar innanfor mellom anna samferdselssektoren også eit sektoransvar for å bidra til å nå desse måla.

SLF vil leggje vekt på å

- bidra til ei betre og sikrere rapportering av omdisponerte verdifulle jordressursar.
- delta på fylkesvise arenaer for å målbera og skape forståing for måla om jordvern og kulturlandskap i arealpolitikken, og styrkje kompetansen ved det regionale leddet.
- halde tett kontakt med fylkesmennene for å sikre ei god oppfølging av dei nasjonale måla om jordvern og kulturlandskap, inkludert å vurdere kontinuerleg bruken av SLFs eigen motsegnrett.
- ta kontakt med samferdselsstyresmaktene for å bidra til ei betre oppfølging av dei nasjonale arealpolitiske måla i landbruket innanfor denne sektoren.

Resultatmåling og rapportering

Gjennom KOSTRA (KOMMune-Stat-RApporteringssystemet) rapporterer kommunane kvart år om praktiseringa av saker innanfor jord- og konsesjonslovgivinga. Frå og med 2006 skal også omfanget av omdisponert areal dyrka og dyrkbar mark vedteke i regulerings- og utbyggingsplanar rapporterast, slik at ein no for første gong har ei samla rapportering på landbruksområdet.

Tala gjeld for 2005 og viser mykje underrapportering. Det kan ikkje trekkjast klare konklusjonar når det gjeld avgang av dyrka og dyrkbar mark for dette året. Saman med fylkesmennene og SSB vil SLF bidra til ei meir presis innrapportering for 2006.


Samarbeid med andre aktørar

SLF har vore med i ei arbeidsgruppe som har teke for seg store landbruksbygg og landskapsomsyn i planlegging og bygging. Gruppa har foreslått tiltak for å auke medvitet om korleis landskapsverdiar og jordvern kan sikrast i byggjeaktivitet i landbruket. Viktige målgrupper er aktørar i byggebransjen, landbruksnæringa og lokal og regional forvaltning. Det er foreslått endringar i eksisterande juridiske og økonomiske verkemiddel, dessutan at det skal lagast nye. Rapporten er send over til LMD.



Dei overordna måla for miljøprogramsaftinga er å bidra til auka målretting av miljøarbeidet i jordbruket, betre synleggjing av den samla miljøinnsatsen i jordbruket og å auke forankringa av miljøarbeidet både regionalt og lokalt. Miljøutfordringane er knytte til både reduksjon av forureiningar og sikring av verdiar i kulturlandskapet. Utfordringane kan vere svært forskjellige i dei ulike delane av landet.

Fordeling av regionale miljøprogramtilskot



Totalt utbetalt 335 millionar kr

Miljø i landbruket

Jordbruk og miljø

Regionalt miljøprogram forankrar miljøarbeidet i landbruket på lokalt og regionalt nivå. 2006 var første gjennomføringsår i fylka. Det blei betalt ut 335 millionar kroner i regionale miljøprogramtilskot, fordelte omtrent likt på forureinings- og kulturlandskapstiltak.

Kvart fylke har etablert eit mangfald av tilskotsordningar for å ta hand om ulike utfordringar i ulike delar av landet. Meir enn 97 prosent av utbetalte tilskot til tiltak mot forureining går til fylka på Austlandet og i Trøndelag, mens fylka på Vestlandet, i Oppland og i Nordland bruker størsteparten av tilskota for å motverke attgroing.

SMIL-tiltak (spesielle miljøtiltak i jordbruket) byggjer på kommunale tiltaksstrategiar som er forankra i dei regionale miljøprogramma. I 2006 blei det løyvd 157 millionar kroner; meir enn 80 prosent av dei gjekk til kulturlandskapstiltak.

SLF har i samarbeid med Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren begynt arbeidet med å operasjonalisere det nasjonale målet om at spesielt verdifulle kulturlandskap skal vere dokumenterte og ha fått ei eiga forvaltning innan 2010. Arbeid med kriterium for utveljing av aktuelle område har vore prioritert i 2006.

Attgroing er ei utfordring. For å bidra til redusert attgroing i kulturlandskapet blei det i 2006 etablert eit nytt beitetilskot. Tilskotet skal både bidra til at fleire dyr kjem på beite, og til at dei beiter i ein lengre periode.

Skogbruk

WebSKAS er eit internetbasert system for skogfondsordninga. I 2006 har SLF utvikla systemet vidare og gjort det meir brukarvennleg. Det er no teke i bruk av alle kommunar og 2200 skogeigarar. Målet er å få fleire skogeigarar til å bruke løysinga.

SLF synleggjer si rolle som nasjonal skogbruksstyresmakt gjennom utoverretta verksemd, mellom anna har vi vore med på fleire samlingar retta mot kommunar og fylke. Som eit ledd i ei heilskapleg forvaltning der jord- og skogbruk blir sedde i samanheng, arrangerte SLF i 2006 den første fagsamlinga som var retta mot både jordbruks- og skogbruksforvaltninga i fylka.

Regjeringa har i statsbudsjettet for 2007 lagt fram nasjonale strategiar for å auke avverkninga frå skogen.

Utfordringar framover

- Å bidra til at spesielt verdifulle kulturlandskap blir dokumenterte og får ei særskild forvaltning innan 2010, blir eit viktig arbeid for SLF framover.
- Følgje opp rammedirektivet for vatn. Mange vatn og vassdrag har for store tilførselar av næringsstoff, særleg fosfor, som mellom anna kan gi dårleg vasskvalitet og algeoppblomstringar.
- Avgrense tilførselen av nitrogen og fosfor til sårbare havområde. Sjølv om tilførselen er redusert dei seinare åra, er det framleis ei utfordring å redusere desse utsleppa. Landbruket har også utfordringar knytte til utslepp av klimagassar.
- Sjå jordbruk og skogbruk i samanheng i forvaltning og utvikling av verkemiddel og i god dialog med næringa, fylke og kommunar.
- Synleggjere overfor næringa og samarbeidspartnarar oppgåver og roller SLF har med å gjennomføre skogbrukspolitikken.
- Få skogeigarane til å bruke skogfond meir aktivt.

Resultatmåling og rapportering

I 2006 utarbeidde SLF rapporten «Miljøvirkemidler i landbruket», ein gjennomgang av erfaringar med forvaltninga og vurdering av resultat som er oppnådde i SMIL-ordninga og regionalt miljøprogram så langt.

Alle kommunar har laga tiltaksstrategiar, næringsorganisasjonane er trekte inn i arbeidet, og det er gitt rom for lokale tilpassingar. Det kjem fram at fylka gjennom regionale miljøprogram både har etablert ordningar som rettar seg mot dei kjende utfordringane som forureining til vatn og attgroing og meir spesifikke ordningar retta mot prioritert areal og miljøkvalitetar.

Rapporten «Jordbruk og miljø – resultatkontroll jordbruk 2006» gir for første gong omtale av regionale miljøprogram. Rapporten blir gitt ut av Statistisk sentralbyrå (SSB) på oppdrag frå SLF. Både SLF-rapporten og SSB-rapporten dokumenterer store geografiske variasjonar i disponeringa av miljøverkemidla og at tilskot no blir retta inn mot dei miljømessige hovudutfordringane i ulike landsdelar.

På skogbruksområdet samarbeider SLF med Norsk institutt for skog og landskap mellom anna om innrapportering til resultatkontroll for skogbruk og miljø, og SLF er med på arbeidet knytt til OECDs internasjonale miljørapportering.

Samarbeid med andre aktørar

SLF har i 2006 ført vidare samarbeidet med Bioforsk. Samarbeidet er sentralt mellom anna som grunnlag for både utgreiingar og verkemiddelutforming. Viktige samarbeidsprosjekt er knytte til mellom anna utvikling av miljøvennlege driftsformer, tiltaksvurderingar og innsats når det gjeld reduserte utslepp av næringsstoff til vatn og sjø.

I 2006 har vi ført vidare eit godt samarbeid med alle miljødirektorata i arbeidet for å nå miljømåla i landbruket. SLF har samarbeidd med Statens forureiningstilsyn (SFT) mellom anna i arbeidet med forskrift om rammer for vannforvaltningen, som blei fastsett i 2006, der SLF er med i direktoratsgruppa for dette arbeidet. SLF er også med i ei EU-arbeidsgruppe som arbeider med landbruk og vassrammedirektivet.

Erstatningsordningane i landbruket

Erstatning for klimarelaterte skadar

Erstatning som følgje av klimatiske forhold kan ytast ved avlingssvikt, ved vinterskadar på eng og ved svikt i honningproduksjonen.

Tal på saker og kroner utbetalte for avlingssvikt 2002–2006

Skadeår	2002	2003	2004	2005	*2006
Tal på saker	996	320	99	737	1100
Kroner (millionar)	38,6	17,3	5	25,6	

* førebels tal


Dei førebelse tala for skadeåret 2006 viser 1100 søknader om erstatning for avlingssvikt. Over halvparten av desse kjem frå landbruksføretak i Oppland og Buskerud, hovudsakleg på grunn av tørke. I dei tre nordlegaste fylka var det mykje overvintringsskadar på eng, følgde av mykje nedbør i vekstsesongen, som igjen førte til avlingssvikt. For opplysningar om samla utbetalt erstatning og søknadstal for klimarelaterte skadar for 2006 viser SLF til statistikk som vil bli lagt ut på SLFs nettstad når skadeåret 2006 er ferdig behandla.



Erstatningsordningane i landbruket er etablerte på område der føretak og enkeltpersonar ikkje kan sikre seg mot tap i plante- og husdyrproduksjonen gjennom allment tilgjengelege forsikringstilbod. Det er to hovudtypar statlege erstatningsordningar:

- erstatning for klimarelaterte skadar
- erstatningar etter offentlege pålegg og restriksjonar gitt av Mattilsynet for å motverke planteskadegjerarar og husdyrsjukdommar

Utbetalt erstatning etter offentlege pålegg og restriksjonar



Erstatning etter offentlege pålegg og restriksjonar i plante- og husdyrproduksjon

I 2006 blei det betalt ut 15,7 millionar kroner i erstatning etter pålegg gitt for å motverke husdyrsjukdommar (blått felt). I overkant av 7 millionar kroner av dette beløpet er utbetalingar etter nedslakting av fjørfebesetningar på grunn av sjukdommen infeksjøs bronkitt i Aust-Agder og Rogaland. I overkant av 3 millionar kroner er utbetalingar etter tiltak mot skrapesjuka NOR 98 på sau.

I planteproduksjon er det betalt ut 6,9 millionar kroner i erstatning etter planteskadegjørarar (raudt felt), av dette 2,5 millionar kroner etter kvit potetcystenematode i potet i Aust-Agder og 1,9 millionar kroner etter *Phytophthora ramorum* i rododendron i Rogaland.

SLF har arbeidd ut forslag til ei erstatningsordning som kan tre i kraft ved eit utbrot av fugle-influenza. SLF tilrår at det blir gitt erstatning for produkt som må destruerast eller brukast alternativt som følgje av restriksjonar gitt av Mattilsynet. Erstatningsordninga skal følgje dei same forvatningsrutinane som andre erstatningsordningar etter offentlege pålegg og restriksjonar i plante- og husdyrproduksjonen.

Samarbeid med andre aktørar

SLF vil framover fokusere på dialogen med fylkesmannsembeta med sikte på å tryggje regelverksutvikling og kvalitetssikring.

I 2006 har SLF arbeidd med å formalisere samarbeidet med Mattilsynet. Det er gjort ei intern kartlegging med sikte på å vurdere utvida samarbeid på eksisterande område og inkludering av nye område i ein samarbeidsavtale.

Naturskadeordninga

I 2006 har SLF utarbeidd forslag til forskrift om tilskot til sikring. Forskrifta skal erstatte midlertidige reglar. Forslaget inneber mellom anna ein tilgang til å yte tilskot for å gjennomføre forundersøkingar for å vurdere behovet for og utforminga av eit sikringsprosjekt.

SLF greier no ut naturskadeordninga med sikte på auka målretting og effektivisering. Det er utarbeidd to eksterne utgreiingar, éi om observerte og forventa endringar i samfunn / sosio-økonomiske forhold og éi tilsvarande om klimaendringar. Desse problemstillingane er blant dei som blir drøfta:

- Korleis har samfunnsforhold som påverkar sårbarheita for naturulykker utvikla seg dei siste 30 år? Kva kan ein gå ut frå om utviklinga dei kommande 30 år?
- Vil ein som følgje av endringar i vær og klima kunne vente fleire naturulykker i framtida? Og vil vi få fleire større naturulykker?
- Kan vi vente at den geografiske fordelinga av naturulykker endrar seg? Og vil fordelinga av naturulykker mellom skadeårsaker og skadetypar endre seg?

Utgreiinga om samfunn i endring blei motteken i desember 2006, mens klimautgreiinga vil vere ferdig i mars 2007.

SLF har vore med i ei direktoratsgruppe koordinert av Noregs geologiske undersøking. Direktoratsgruppa leverte i oktober innspel til ei interdepartemental arbeidsgruppe som vurderer behov for kartlegging, overvaking og tiltak i samband med faren for store fjellskred i Noreg. Direktoratets gruppa tilrår mellom anna ei monaleg styrking av offentleg kartlegging av fjellskredfare – og ein auke av innsatsen når det gjeld overvaking av og beredskapsplanlegging knytt til identifiserte fareområde.

Statens landbruksforvaltning er sekretariat for styret og ankenemnda for Statens naturskadefond. Naturskadeordninga omfattar erstatning etter naturskade, tilskot til sikring mot naturskade, med hovudvekt på sikring mot skred, og tilskot til FoU-prosjekt for å auke effekten av sikringstiltak.

Høgsteretts orskurdar (orskurd = bokmål: kjennelse)

Sak HR-2006-01957-U i Høgsterett er ein anke over Borgarting lagmannsretts sin orskurd av 7. juli 2007 i sak nr. 05-063069ASI-BORG, som gjeld anke til oppheving av eit overskjønn frå Drammen tingrett. Høgsterett gav si tilslutning til lagmannsretten sin orskurd ved at Høgsteretts kjæremålsutval nekta anken fremja fordi det verka klart at han ikkje ville føre fram.

Saka avgjer to viktige lovtolkingsspørsmål i naturskadelova. Det eine er korleis ein skal tyde ordlyden i naturskadelova § 10 første ledd «kan skaden gjenopprettes». Den tolkinga Høgsterett gir tilslutning til, er at skjønsretten under takseringa skal gjere ei vurdering av forholdet mellom kostnaden ved gjenopprettingstiltak ved naturskade og den økonomiske nytten gjenopprettingstiltaket har for den skadelidne, jf. naturskadelova § 10 første ledd. Dersom det ikkje er eit rimeleg forhold mellom kostnaden ved gjenoppretting og nytten ved tiltaket, skal skjønsretten ikkje gi takst for gjenoppretting, skaden kan ikkje bøtast på, og skjønsretten skal i staden taksere den verdireduksjonen som skaden har ført til.

Det andre rettslege lovtolkingsspørsmålet som blei behandla, var skiljet i lova mellom kva som er gjenoppretting av ein skade på den eine sida, og sikring mot ny skade på den andre. Lagmannsretten slår fast at destabilisering av grunnen, og dette må kunne overførast på kva fareauke som helst, som følgje av ein naturskade i seg sjølv ikkje løyser ut eit erstatningskrav som kan krevjast taksert. Tiltak for å hindre skade, eller vidare skadeutvikling, er sikring. Dette gjeld også der det er utløyst ein naturskade. Erstatningskapittelet i lova gjeld utbetring av ein konkret skade for å tryggje bruksverdien, tiltak utover dette for å hindre vidare utvikling eller nye skadar er sikring som skjønsretten ikkje skal taksere.

Erstatningar

I 2006 er det behandla 1 497 erstatningskrav, og det er gitt tilsegn om erstatning for 114,8 millionar kroner. Av dette er 44,6 millionar kroner gitt til utbetring av skadar på vegar/bruer etter flaum, og 22,6 millionar kroner er gitt til utbetring av skade på jordbruksareal. Hordaland var det fylket som hadde flest tilsegner med 32 millionar kroner.

Erstatning i kroner fordelt på skadeårsak

Skade-årsak	Storm/Stormflo	Flaum	Flaumskred	Jord- og leirskred	Snøskred	Steinskred/-sprang
Kroner	8 682 547	95 937 314	1 366 137	8 131 184	32 385	673 589

Tabellen over viser at flaum er den skadeårsaka som har gitt størst tilsegn om erstatning. Av total gitte erstatningstilsegner 114,8 millionar kroner er 95,9 millionar kroner gitt i erstatning etter flaum. Beløpet refererer seg ikkje til ei enkelt hending, men til fleire skadehendingar over heile landet.

Tilskot til sikring mot naturskadar

I 2006 er det behandla 7 søknader om tilskot til sikringstiltak og gitt tilsegn i 5 saker med totalt 40,2 millionar kroner. Av dette blei 30 millionar kroner allokerte til undersøkingar og overvaiking av faren for større fjellskred i Åknes/Tafjord-området i kommunane Stranda og Norddal i Møre og Romsdal. To andre søknader fekk tilsegn for tilsvarande utgreiing av risiko for store fjellskred, i Troms fylke og Sogn og Fjordane.

Andre sikringsprosjekt som fekk tilsegn, er sentrumsområdet i Hammerfest kommune, med 3,7 millionar kroner for sikring mot snøskred, og Vallegårdene i Lier kommune, som fekk 270 000 kroner for sikring mot flomskred.



Landbruksproduksjon



Resultatområdet landbruksproduksjon skal bidra til å sikre matproduksjonen og ei stabil matforsyning. Arbeidsoppgåvene er knytte til utvikling og forvaltning av inntekts- og velferdsordningar, dessutan dei produksjonsregulerande verkemidla mjølkekvotar og husdyrkonsejjon. Felles for ordningane er at det er primærprodusenten som er målgruppa. Ansvar for koordinering av innspel til jordbruksoppgjeret ligg til dette området.

Statistikk frå søknad om produksjonstilskot for 2006 viser at jordbruksareal i drift held seg stabilt på litt over 10 millionar dekar, mens talet på søkjarar blei redusert med ca. 1 620 til ca. 49 310. Tendensen er at arealbruken blir halden stabil, mens det er færre og større einingar som driv desse areala.

Talet på føretak som driv mjølkeproduksjon, var i 2006 på ca. 14 800. Dette er ein nedgang på 1 160 frå 2005. Dette heng saman med at 649 selde mjølkekvoten i 2006, samtidig med at vi fekk ein auke i talet på samdrifter på 275 frå året før. Det var i 2006 i gjennomsnitt 17,6 mjølkekyr per føretak. Dette er ein auke på over 3 kyr frå 2000 og heng i hovudsak saman med samdrifter.

Produksjon av slaktekyllingar skil seg frå dei andre husdyrproduksjonane ved ein markert auke i volum. Talet på leverte slaktekyllingar har auka frå 33 millionar i 2000 til 42 millionar i 2006. For dei andre husdyrproduksjonane var det ingen store endringar i 2006.

Føretaka søkjer i stadig større grad å etablere nye organisasjons- og samarbeidsformer. I 2006 var det 1 750 samdrifter innanfor mjølkeproduksjon og 13 purkeringar. Det er ikkje etablert nye purkeringar i 2006.

I 2006 deltok ca. 4 600 bønder på kurs som var finansierte av midlar frå Etter- og vidareutdanningsfondet i landbruket (EVL). Gjennom dei 15 åra som EVL-fondet har eksistert, har ca. 100 000 kursdeltakarar vore med på etter- og vidareutdanningskurs for bønder.

Tilskotsforvaltning

I 2006 har det vore arbeid vidare med utvikling av løysingar som sikrar gode rutinar for søknad, kontroll og utbetaling av tilskot. Dette skal sikre at rett beløp blir utbetalt til rett tid. Dei samla tilskota for dei ca. 50 000 føretaka var i 2006 på 8,9 milliardar kroner, der produksjonstilskot utgjorde ca. 6,2 milliardar, pristilskot 1,3 milliardar og velferd sordningane 1,4 milliardar kroner.

Elektronisk søknad

SLF har også i 2006 arbeid med å utvikle funksjonaliteten til tenesta for elektroniske søknader. Innanfor produksjonstilskotsområdet er forvaltninga i hovudsak nettbasert. Alle landbruksføretak har i 2006 hatt tilbod om å kunne søkje tilskot over Internett (Wespa). Målet om at 30 prosent av landbruksføretaka skulle søkje over Internett, blei nådd ved søknadsomgangane både i januar og i august.

Etablering av verktøy for meir målretta arealkontroll

For SLF er det sentralt å få på plass eit godt og oppdatert kartverk som grunnlag for arealkontroll. Saman med Norsk institutt for skog og landskap arbeider SLF med å få på plass eit oppdatert digitalt kartverk for alt jordbruksarealet. For søknadsomgangen i august blei 2. gongs (kvalitetssikra) jordregister, som er produsert på bakgrunn av oppdatert kartverk, nytta som grunnlag for arealkontroll av søknader om produksjonstilskot i 31 kommunar. Det er venta ei vesentleg auke i talet på kommunar som nyttar dette, ved kommande søknadsomgang for arealtilskot. I 2009 skal alle kommunar ha fått på plass eit digitalt kartverk som kan danne grunnlag for arealkontroll.

Produksjonstilskot er eit samleomgrep for ei gruppe av tilskot til jordbruket basert på talet på dekar og dyr. Tilskota skal utbetalast direkte til gardbrukaren. Søknadene blir behandla av kommunen.

Tilskot til dyr på beite

Ordninga tilskot til dyr på utmarksbeite er i jordbruksavtalen 2006–2007 utvida til ei generell tilskotsordning som også omfattar dyr som beiter på innmark. Frå og med søknadsomgangen 20. august 2006 blir det gitt beitetilskot for dyr som beiter minst 8 veker på utmark eller minst 16 veker samla på inn- og utmark i sone 1–4 og 12 veker i sone 5–7. SLF har følgd opp dette ved å informere og etablere rutinar for den nye ordninga.

Velferdsordningane

Ut frå politiske signal skal det skje ei satsing på velferdsordningane framover. I 2006 har SLF utarbeidd forslag til ny forskrift om tilskot til avløyning. Satsar og utmålingsreglar er tekne ut av forskrifta og inn i jordbruksavtalen og rettleingsheftet. Forskriftsteksten er reindyrka til å ta for seg reglar om vilkår og sentrale administrative føresegnar for utbetaling av tilskot.

Fagsystemet for avløyningar er gjennom året blitt fullt ut integrert med fagsystemet for produksjonstilskot.

Veterinære reiser

I jordbruksoppgjret 2006 blei det bestemt at forvaltningsansvaret for veterinære reiser skulle overførast til SLF frå 01.01.2007. Formålet med ordninga er å jamne ut kostnadene mellom husdyrprodusentar som nyttar veterinære tenester. SLF har utarbeidd forslag til ny forskrift om tilskot til nedskrivning av utgifter til skyssgodtgjersle og reisetillegg ved sjuke- og inseminasjonsbesøk frå veterinærar. Det er gjort mindre endringar i forskrifta utan at dette inneber endring i praktiseringa av ordninga. Det er utarbeidd nye søknadsskjema og gjort tilpassingar i fagsystemet.

Kontrollprosjektet

Kontroll er eit omfattande og krevjande område for landbruksforvaltninga der oppgåvene er delte mellom kommunen, fylkesmannen og SLF. I 2006 er det sett i verk eit prosjekt om kontroll av tilskot i landbruket. Målet er at kontrollarbeidet til forvaltninga på alle nivå skal effektiviserast og styrkjast. Prosjektet skal gi konkrete forslag til tiltak og eventuell styrking av fylkesmannen sin funksjon som kontrollmyndigheit.

Produksjonsregulering

SLF er førsteinstans i saker knytte til kvoteordninga for mjølk. Det er i dag god balanse mellom produksjon og avsetning av kumjølk, men det er ei utfordring at det er ein ubalanse på geitemjølksida. I 2006 fatta SLF ca. 900 enkeltvedtak (omsetninga av kvotar heldt utanom), og dei fleste dreier seg om samdrifter. Ved utgangen av året er det ca. 1 750 samdrifter, noko som er ein auke på 275 frå året før. Samdriftene produserar omlag 20 prosent av mjølka.

Omsetning av kvotar

Det var også i 2006 stor interesse for å kjøpe mjølkekvote. Totalt blei det godkjent 8 555 kjøp av kumjølkkvote frå staten og 164 kjøp av geitemjølkkvote. 1 million liter blei prioritert til Finnmark for å styrkje mjølkeproduksjonen der, jf. vedtak i jordbruksoppgjret.

Det var for første gong høve til å kjøpe særskild kumjølkkvote til økologisk mjølkeproduksjon i 2006. 10 prosent av kvoten som staten kjøpte i den ordinære runden, blei øyremerkt økologisk mjølkeproduksjon. Totalt utgjorde dette ca. 1,8 millionar kvoteliter.

Det var 649 kumjølkeprodusentar og 14 geitemjølkeprodusentar som selde mjølkekvoten i 2006.

Avløyningarordningane, tidlegpensjon for jordbrukarar, Etter- og vidareutdanningsfondet i landbruket (EVL) og Kompetanseutviklingsprogrammet i landbruket (KIL) er tilskotsordningar for å fremje velferd, rekruttering og kompetanseutvikling i landbruket.

Produksjonsregulering inneber iverksetjing og oppfølging av juridiske tiltak for kvantumstilpassing i primærproduksjonen. SLF har ansvar for kvoteordninga for mjølk og for husdyrkonsesjonsordningane. SLF er også sekretariat for klagenemnda for kvoteordninga for mjølk.

Pristilskot er i hovudsak basert på volum og gjeld mjølk, kjøtt, grønt og ull. Pristilskot er verkemiddel med primærprodusentane som målgruppe. Utbetaling av midlane skjer i stor grad via omsetningsledd.



Lokalforedling av mjølk

SLF kan gi fritak frå overproduksjonsavgift for produksjon av mjølk til lokal foredling. Formålet med ordninga er å stimulere til auka verdiskaping i mjølkeproduksjonen gjennom å utnytte potensialet i marknaden for mjølk som blir foredla lokalt.

SLF har ikkje ei samla oversikt over kor mange føretak som driv med lokalforedling av mjølk, sidan enkelte foredlarar driv med produksjon innanfor eksisterande mjølkekvote og derfor ikkje treng å søkje SLF om fritak frå overproduksjonsavgift. SLF har per 01.01.2007 gitt 103 fritak frå overproduksjonsavgifta. Av desse er det ein del som ikkje har begynt med lokal foredling enno.

I 2006 blei det arbeidd for auka informasjon, og tettare oppfølging og kontroll av føretak som driv lokalforedling av mjølk. Resultata av kontrollane viser at det framleis er behov for auka kompetanse i føretaka innanfor dokumentasjon og regelverk.

Kompetanse

SLF er sekretariat for styret for Kompetanseutviklingsprogrammet i landbruket (KIL) og Etter- og vidareutdanningsfondet i landbruket (EVL). Kompetanse er eit viktig område for landbruket framover, og SLF har i 2006 opplevd stor etterspørsel etter midlane til kompetanse som blir sette av over desse tilskotsordningane.

Kompetanseutviklingsprogrammet i landbruket (KIL)

I 2006 var det stor interesse for KIL. Det kom i alt inn 50 søknader for eit samla beløp på ca. 15 millionar kroner. Dette er fleire søknader enn KIL har hatt tidlegare år. Det blei løyvd 5,8 millionar kroner i prosjektstøtte frå KIL. Denne støtta blei fordelt på 30 prosjekt. Mottakarar av prosjektstøtta er skular, organisasjonar og offentlege organ knytte til landbruket.

I jordbruksoppgjeret 2006 blei det bestemt at KIL-midlane frå 01.01.2007 skal overførast ny organisasjon for heilskapleg kvalitetssystem i landbruket (KSL Matmerk). SLF har på oppdrag frå LMD greidd ut alternative forvaltningsmodellar for KIL i den nye stiftelsen. SLF og det sitjande KIL-styret skal ha ansvar for å forvalte KIL-midlane i 2007, som ei overgangsordning.

Etter- og vidareutdanningsfondet i landbruket (EVL)

Styret for EVL har i 2006 fordelt ca. 6,7 millionar kroner til fylka. Midlane går til kursarrangørar som gjennomfører etter- og vidareutdanningskurs for bønder. Ved årsskiftet hadde fondet ein eigenkapital på ca. 16 millionar kroner. Midlane som står att, vil halde til ca. 2 års aktivitet ved det nivået vi har i dag.

Mentorprogrammet

Mentorprogrammet er eit utviklingsprogram retta primært mot kvinnelege leiarar og potensielle kvinnelege leiarar i LMD med underliggjande etatar. SLF køyrer programmet i samarbeid med AFF, som har det faglege ansvaret. Det blei etablert eit nytt mentorprogram våren 2006 der 9 kvinnelege adeptar var med. Programmet blir avslutta i mars 2007. I 2007 vil SLF kartleggje behovet for nye mentorprogram, og vurdere tiltak for å auke oppslutninga.

Utfordringar for resultatområdet i tida framover:

- Kontroll er viktig i tilskotsforvaltninga, og SLF ser ei stor utfordring i å styrkje kontrollen av dei ordningane SLF har ansvar for.
SLF vil i tida framover arbeide med å setje i verk resultatane av kontrollprosjektet. Kontrollprosjektet skal ha ferdig rapporten sin 01.04.2007. Det er 15 ulike ordningar innanfor kontrollprosjektet. Ordningane femnar mellom anna dei økonomiske verkemidla som fylkesmannen og kommunane forvaltar. Dette med unntak av BU-midla.
For å betre arealkontroll ved søknad om produksjonstilskot vil SLF arbeide for at alle kommunar innan 2011 skal ha fått på plass eit nytt kontrollgrunnlag på basis av digitalt kartverk.
- Det er ei utvikling der føretaka i stadig større grad søker å etablere nye organisasjons- og samarbeidsformer. Dette inneber ei utfordring i form av å kunne handheve tilskotsregelverk og regelverket for husdyrkonsesjon. SLF vil ha auka merksemd på dette i tida framover og vil kontinuerleg vurdere tiltak for å hindre ei uønskt tilskotstilpassing.
- Kompetanseutviklingsprogrammet i landbruket (KIL) skal overførast til KSL Matmerk. I 2007 vil SLF arbeide for å sikre god kompetanseoverføring til den nye verksemda.
- Ordninga tilskot til dyr på utmarksbeite er i jordbruksavtalen 2006–2007 utvida til ei generell tilskotsordning som også omfattar dyr som beiter på innmark. Det eksisterer fleire sentrale og regionale beiteordningar, og det er viktig å sikre samspel mellom nasjonale og regionale ordningar med tanke på måloppnåing. Dette vil vere ei utfordring framover både for forvaltning og for landbruksføretaket.



Omsetning og marknadstiltak

Marknadsreguleringa har som formål å sikre alle produsentar av jordbruksvarer avsetning for varene til stabile prisar, og til prisar som ligg nærast mogleg det som er fastsett i jordbruksavtalen. Vidare skal marknadsreguleringa sikre forsyningar i alle delar av landet til nokolunde like prisar. Marknadsreguleringa skal i første rekkje ta hand om dei temporære og meir tilfeldige svingingane i marknaden på ein slik måte at ein unngår store prisfall på kort sikt. Det er ein viktig føresetnad at ordninga skal verke konkurransenøytralt mellom industriaktørane.

Resultatområdet omsetning og marknadstiltak skal bidra til å sikre ein stabil marknad og ein velfungerande næringsmiddelindustri. Arbeids- og ansvarsområda innanfor resultatområdet er økologisk landbruk, forskning, planteforedling og oppformering, beredskap, pelsdyr, dessutan marknadsreguleringstiltak innanfor marknadsordningane for mjølk, kjøtt, egg, grønt, potet og korn. SLF er sekretariat for Omsetningsrådet, Fondsstyret og Avtalestyret i tillegg til at vi har ei rådgivande og initierande rolle på området økologisk landbruk.

Omsetningsrådet og Fondsstyret har eigne årsmeldingar. På det økologiske området har SLF to årlege rapportar som inneheld tabellar og analysar som viser utviklinga når det gjeld kva som er produsert og omsett av økologiske landbruksvarer.

SLF har også i 2006 arbeidd med å fornye dei administrative rutinane knytte til sekretariatsfunksjonen for Omsetningsrådet og forskingsstyra. Målet er ei meir effektiv og open saksbehandling der mellom anna medlemmene i rådet og styra skal kunne hente ut alle sakspapir over nettet. Systemet er knytt til SLFs elektroniske arkiv- og saksbehandlingssystem.

I 2006 er det gjennomført eit kompetanseutviklingsprosjekt om WTO og marknadsordningane. I prosjektet er WTOs regelverk og dei mest sentrale avtaleforslaga sin effekt på marknadsordningane kartlagde. Arbeidet vil bli ført vidare i 2007 med særleg vekt på samanhengar mellom eksportstøtte og marknadsordningane.

Ansvaret for beredskapsarbeidet i SLF ligg til resultatområdet omsetning og marknadstiltak. Det er gjennomført fleire opplæringstiltak gjennom året, i tillegg til ei kriseøving med medverknad frå Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB).

Omsetningsrådets ansvarsområde

Marknadsreguleringa er saman med importvernet, prisar og tilskot viktige instrument i marknadspolitikken i landbrukssektoren.

Omsetningsrådet er sett til å forvalte verkemidla i marknadsreguleringsordninga gjennom marknadsregulatorane. Verksemda til Omsetningsrådet er heimla i omsetningslova. Omsetningsrådet er sett saman av representantar for styresmaktene, forbrukarane, bondeorganisasjonane, samvirkeorganisasjonane, næringsmiddelindustrien og handelen. Lova seier også at Omsetningsrådet skal ha eit arbeidsutval og eit tilsynsutval. Arbeidsutvalet har delegererte fullmakter og fremjar forslag til Omsetningsrådet, mens tilsynsutvalet fører kontroll med Omsetningsrådets verksemd og rekneskap og dei organisasjonane som får støtte finansiert av omsetningsavgiftene. SLF er sekretariat for Omsetningsrådet.

Omsetningsrådet hadde i 2006 til saman 6 møte, arbeidsutvalet hadde 11 møte og tilsynsutvalet 8 møte.

Viktige saker som blei behandla i Omsetningsrådet i 2006

Marknadssituasjonen i 2006 har generelt vore tilfredsstillande for dei fleste produksjonar. Eitt unntak er svinekjøtt, der det også i 2006 var nødvendig å setje i verk ekstraordinære tiltak for å redusere overproduksjon. Løysinga som blei vald, var ei ordning med kompensasjon for lågare slaktevekter, dvs. at bonden og slakteria blir kompenserte for nedgang i slaktevekt. Situasjonen i marknaden var likevel så alvorleg at det også var nødvendig å halde på ei høg omsetningsavgift, i tillegg til at marknadsregulator måtte føre vidare tiltak knytte til pris. Det var også nødvendig å nytte eksisterande moglegheit for eksport.

I jordbruksoppgjeret for 2005 blei det bestemt at ein skulle ta fjørfekjøtt ut av systemet for marknadsregulering når det gjeld avsetningstiltak. Dette inneber at Norturas (før Prior Norge) rolle som marknadsregulator for fjørfekjøtt blir avvikla, og at målpris og avsetningstiltak på tilbodsida blir fjerna. Fellesfinansierte faglege tiltak og opplysningsverksemd blir førte vidare, og det er etablert eit nytt styre for denne verksemda. Målprisen blir erstatta med ein referansepris, som blir fastsett av avtalepartane. Referanseprisen dannar grunnlaget for den vidare administreringa av tollvernet.

SLF gjennomførte i 2006, som sekretariat for Omsetningsrådet, ei vurdering av spørsmålet om bruken av omsetningsavgifta på pelskinn i forhold til EØS-regelverket. Det var Kopenhagen Fur som stilte spørsmål ved denne praksisen. Vurderingane underbygge at bruken av omsetningsavgifta for pelskinn ikkje blir ramma av forbodet mot ulovleg statstøtte i EØS art. 61 (1). SLF vurderer det likevel slik «at det er uheldig og uhensiktsmessig at øvrige markedsaktører ikkje gis anledning til å delta i den 'næringsmessige tilretteleggingen' av pelskinnavgiften». Det er etablert nye rutinar der Kopenhagen Fur er invitert til å ta del i utarbeiding av det budsjettforslaget som skal leggast fram for Omsetningsrådet på dette området.

På bakgrunn av ein søknad frå Gilde Norsk Kjøtt løyvde Omsetningsrådet i 2006 3,5 millionar kroner til ein kjøkkenhygienekampanje. Dette var eit direkte resultat av E. coli-saka. Formålet med kampanjen var å bidra til at forbrukarane skal kjenne seg trygge på korleis dei skal behandle kjøtt på ein hygienisk riktig måte. I tillegg blei det løyvd 8 millionar kroner til forsterka marknadsføring av kjøtt.

For nærare omtale av marknadsreguleringstiltaka og marknadssituasjonen viser vi til eiga årsmelding frå Omsetningsrådet som kjem i mai.

Prisutjammingsordninga for mjølk

Aktørane i prisutjammingsordninga for mjølk er meieriselskap, dvs. føretak som nyttar mjølk, fløyte eller myse til foredling eller produksjon av mjølkeprodukt. Meieriselskapa får tilskot og blir pålagde avgift avhengig av kva mjølka skal brukast til. I 2006 var desse aktørane med i prisutjammingsordninga: Tine, Synnøve Finden, Normilk, Q-meieriene, Rørosmeieriet, Kraft Foods, Lillehammer Ysteri og Ryfylkemeieriet.

Tilskot og avgifter i prisutjammingsordninga for 2006

Statens landbruksforvaltning fastset avgifter og tilskot (satsar) for dei ulike bruksområda til mjølka. Prisutjammingsordninga er ei sjølvfinansierande ordning, noko som inneber at summen avgifter som blir kravd inn, skal balanserast opp mot summen tilskot som blir utbetalt. Satsane blir fastsette mellom anna i forhold til kor mykje mjølk ein ventar blir brukt innanfor dei ulike bruksområda, og den aktuelle marknadssituasjonen. For avtaleåret 2006–2007 blei avgifter reduserte og tilskot auka, som følgje av ein forventa betre mjølkebruk samanlikna med førre avtaleår. Dvs. at ein ventar at det blir omsett relativt meir av produksjonar som er avgiftspliktige, enn av produksjonar som får tilskot.¹

Tine, Kraft Foods, Q-meieriene og Rørosmeieriet var i 2006 netto avgiftsinnbetalarar til ordninga, mens Normilk, Synnøve Finden, Lillehammer Ysteri og Ryfylkemeieriet var netto tilskotmottakarar. Avgifts- og tilskotsbeløpa omfattar hovudmjølkebruk (drikkemjølk, ost og tørrmjølk), biproduktbruk (som fløyte og myse), fraktordningar (innfrakt og distribusjon) og spesialordningar som i dag gjeld Q-meieriene.

¹ Samanlikna med førre avtaleår blei tilskotsatsane auka og avgiftsatsane reduserte gjennomsnittleg med 2,2 øre per liter mjølk i hovudmjølkebruken. Dessutan er alle kommunesatsane for distribusjonstilskota auka med 6 øre per liter mjølkeprodukt, og satsen for det særlege tilskotet til meieriselskap utanfor meierisamvirke er redusert med 3 øre per liter mjølk.



Formålet med prisutjammingsordninga for mjølk (PU) er å regulere prisdifferensieringa av mjølk som råvare til ulike bruksområde, og samtidig gjere det mogleg for mjølkeprodusentar å realisere målprisane på mjølk i jordbruksavtalen uavhengig av bruken av mjølka og lokaliseringa av produksjonen. Ein viktig premiss for ordninga er å sikre aktørane som ho gjeld for, like konkurransevilkår.





Avgifter i PU for 2006

Aktør	Netto innbetalt avgiftsbeløp i kr:
Tine	112 849 086
Q-meieriene ²	10 768 119
Kraft Foods	2 230 447
Rørosmeieriet	1 004 229
Sum	126 851 881

Tilskot i PU for 2006

Aktør	Netto tilskotsbeløp i kr:
Nørmilk	84 502 362
Synnøve Finden	24 020 900
Lillehammer Ysteri	163 185
Ryfylkemeieriet	105 440
Sum	108 791 887

Tal for 2006 er baserte på avrekna månadsrapportar for januar–november og månadsrapport for desember.

Årsaka til differansen mellom sum tilskot og sum avgifter er i hovudsak større avgiftsinnbetaling enn venta. Dvs. at det blei selt meir konsummjølk enn prognosen for 2006/2007 skulle tilseie. Dette gir auka fondsstorleik og dermed eit gunstig utgangspunkt for satsfastsetjing i neste periode. I tillegg skal differansen mellom tilskot og avgifter dekkje SLFs kostnader til administrasjon av PU-ordninga, som i avtaleåret 2005–2006 var på til saman 9,6 millionar kroner.

Etterrekning av Tine BA

Etterrekning er ein del av prisutjamningsordninga for mjølk. Etterrekninga skal sikre at det er eit riktig forhold mellom prisen dei uavhengige meieria betaler for mjølk som råvare ved kjøp frå Tine Råvare (Tine BA), og prisen dei har moglegheit til å ta ut ved sal av ferdigprodukt. Etterrekninga baserer seg på kontroll av Tines prissetjing ved sal av sine ferdigprodukt. Dersom Tine har teke for låg pris for mjølkeprodukta sine i forhold til føresetnadene, kan det føre til etterrekning.

Gjennom etterrekning er Tines konkurrentar sikra ei minste kapitalavkastning på sin produksjon på det vilkår at dei er like effektive som, eller meir effektive enn Tine. Etterrekninga skjer halvårleg.

I 2006 har SLF etterrekna perioden 2005. Resultata er viste i tabellen under:

Etterrekning mjølk for 2005

Meieriselskap	Etterrekning
Synnøve Finden	110 997
Jæren Gardsmeieri	7 031
Gausdalmeieriet	213
Rørosmeieriet	4 416
Sum uavhengige aktørar	122 657

² Medrekna spesialordningar for Q-meieriene.

Etterrekninga på 122 657 kroner for 2005 er svært låg. Tilsvarande tal for 2004 var på 15,7 millionar. Etterrekninga for 2005 viser at det er eit riktig forhold mellom prisen meieriselskapa betaler for mjølk som råvare (inkl. noteringspris og avgifter/tilskot), og den prisen meieriselskapa har moglegheit for å oppnå ved sal av ferdigprodukta sine.

Eit webbasert fagsystem for prisutjammingsordninga for mjølk

Eit webbasert fagsystem for prisutjammingsordninga for mjølk er under utvikling. Prosjektet blei etablert i 2006, og systemet skal etter planen kunne takast i bruk frå 01.07.2007. Systemet skal handtere meieriaktørane si rapportering til PU og saksbehandling i samband med dette, i tillegg til at det skal vere eit verktøy for å administrere og gjere tilgjengelege data i ordninga. Dei viktigaste effektane av systemet er ei meir sikker og kontrollert datahandtering, forenklingar for eksterne og interne brukarar, dessutan meir effektiv bruk av tilgjengelege data i ordninga til statistikk, utgreingar m.m.

Økologisk landbruk

SLF skal leggje til rette for utvikling av økologisk landbruk og omsetning av økologiske landbruksprodukt, mellom anna gjennom forvaltning av midlar løyvde over jordbruksavtalen.

Utviklingstiltak

Jordbruksoppgjæret i 2006 gir føringar om forsterka satsing på marknadsutvikling, inkludert heilkjedeavtalar (dvs. forpliktande avtalar knytte til produksjon og omsetning av økologiske landbruksprodukt). Vidare skal det i samsvar med jordbruksavtalen framleis vere ein balansert innsats retta mot alle ledd i verdikjeda i 2006.

Saksmengda på området økologisk har auka dei seinare åra, og saksbehandlarkapasiteten i SLF blei derfor styrkt i 2006 gjennom omdisponering av ressursar. I 2006 fekk Statens landbruksforvaltning inn totalt 144 søknader som totalt var på over 100 millionar kroner. Av desse var tildelinga over jordbruksoppgjæret 33 millionar. Prosjekta som fekk støtte, fordelte seg slik:

- 44 prosjekt fekk tildeling under "Marknadsstrategiar"
- 8 prosjekt fekk tildeling under "Rettleiingstiltak for primærprodusentar"
- 4 prosjekt fekk tildeling under "Nasjonale pilotprosjekt"
- 7,0 millionar kroner blei fordelte til fylka som tilskot til Fylkesmannens landbruksavdeling for oppfølging av tiltak i dei regionale handlingsplanane for økologisk landbruk

Det største prosjektet innanfor marknadsutvikling og heilkjedeavtalar som blei etablert i 2006, var «Grøstadsgris – økologisk». Dei første leveransane var klare frå desember, og ca. 50 tonn økologiske svineprodukt blei leverte til jul. Prosjektet er viktig for å få opp produksjonen av økologisk kjøtt. Vidare er det gitt prosjektstøtte til abonnementsordningar, publisering av informasjonsmateriale, ulike festivalar m.m. To større prosjekt innanfor storhushald blei avslutta i 2006 – økologisk mat ved St. Olavs Hospital i regi av Bioforsk økologisk, og økologisk mat i kantiner/nettbasert formidlingsteneste i regi av Ullandhaug Økologiske Gård. Eitt nytt prosjekt blei etablert på økologisk storhushald i Oslo kommune. Innanfor det nasjonale pilotprosjektet blei prosjektet økologisk kornproduksjon («Økokorn») avslutta i 2006. Prosjekteigar var Fylkesmannen i Oslo og Akershus. Når det gjeld rettleiing overfor primærprodusentar, er støtte først og fremst gitt til tiltak i regi av Landbrukets forsøksringar. Ei fullstendig oversikt over kva det er gitt prosjektstøtte til, og kva som er prosjektinnhald, finst i SLF-rapport nr. 2006/13, «Utviklingstiltak innen økologisk landbruk – 2006».



For 2006 blei det løyvd 114 millionar kroner til økologisk landbruk over jordbruksavtalen:

- Direktetilskot (omleggings-tilskot, areal- og husdyr-tilskot): 68 millionar kroner
- Tilskot til utviklingstiltak: 38,0 millionar kroner
- Forskningsmidlar øyremerkte økologisk landbruk: 8,0 millionar kroner

I tillegg blei det for 2. halvår 2006 sett av 3,5 millionar kroner for at rettleiingsopplegget til Landbrukets Forsøksringar innanfor økologisk sau og lam skulle kunne bli operativt allereie frå hausten 2006. I jordbruksavtalen for 2006–2007 blei prisnedskrivningstilskotet for økologisk korn heva til 60 øre per kilo med verknad frå 01.07.2006.



Det er tre hovudfinansieringskjelder for forskning og utvikling (FoU) innanfor Landbruks- og matdepartementets ansvarsområde:

- Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt (Avtalestyret)
- Forskingsmidlar over jordbruksavtalen (Fondsstyret)
- Noregs forskingsråd

SLF er sekretariat for dei to førstnemnde. For meir informasjon om Avtalestyret og Fondsstyret, sjå www.slf.dep.no under "Markedstiltak".

Frå 2006 blir det slutt på ordninga med at SLF yter midlar til fylka for oppfølging av tiltak i regionale handlingsplanar. SLFs rolle er endra til å utarbeide innstilling til LMD om fordeling. Frå og med 2006 har LMD ytt midlar for økologisk landbruk saman med Bygdeutviklingsmidlar. Formålet med endringa er å kople nærare saman økologisk landbruk og næringsutvikling.

Direktetilskot til produsentar

68,0 millionar kroner var sette av til omleggings-, areal- og husdyrtilskot i 2006. Ansvaret for dette tilskotet ligg under resultatområdet landbruksproduksjon.

Oversikt over den økologiske marknaden

SLF utarbeider heil- og halvårs statusrapportar over produksjon og omsetning av økologiske landbruksvarer. Rapportane har gjennom dei seinare åra blitt ei mykje referert kjelde til informasjon om produksjonsutvikling, i kva grad økologiske råvarer blir brukte i vidare foredling til økologiske produkt og omsetning i butikk. Frå 2006 er også omsetningsdata frå daglegvarekjedene med i rapporten.

I tillegg fekk SLF i 2006 på plass ein samarbeidsavtale om rapportering frå ein større grossist innanfor helsekost / økologiske produkt. Dette betydde at ein for første gong i Noreg har kunna offentleggjere detaljert informasjon om storleiken på økologisk omsetning i daglegvarehandelen og hovuddelen av faghandelen. Vidare går det fram kor stor den økologiske omsetninga er i forhold til totalomsetninga, og om produkta er norske eller importerte.

Regjeringa har som mål at 15 prosent av matproduksjonen og matforbruket skal vere økologisk i 2015. Den halvårlege rapporteringa for 2006 viser at det er eit stykke att til målet er nådd. Ved utgangen av 2006 var 4,33 prosent av arealet lagt om eller i karens. Innanfor husdyrproduksjonen utgjorde den økologiske produksjonen små mengder av det totale talet - mjølkekyr 2,1 prosent, ammekyr 4,8 prosent, sau og lam 1,3 prosent og verpehøns 1 prosent.

Økologiske areal og karensareal i dekar og prosent av totalt jordbruksareal i perioden 2003–2006¹

	2003	2004	2005	2006
Totalt jordbruksareal	10 312 917	10 316 019	10 317 260	10 302 655 ²
Totalareal økologisk	308 835	349 567	365 002	387 978
Totalt økologisk areal og karensareal	381 789	410 360	430 326	445 629
Prosent økologisk og karens av totalt jordbruksareal	3,70	3,98	4,17	4,33

¹ Totalt jordbruksareal og økologiske areal er sum av areal i drift og ute av drift. Dei økologiske areala inneheld også areal til juletre frå 2002, sjølv om dette ikkje er inkludert i dei totale jordbruksareala.

² Dette er førebelse tal for 2006. Endelege tal ligg føre våren 2007.

Kilde: Økologiske arealer fra Debio (Debios database per 15.01.2007). Totalt jordbruksareal frå SLF, PT-900. Produksjonstilskot i jordbruket, liste over produksjonar per 31.07.2006 og PT-910 Jordbruksareal i drift og talet på søkjarar per 31.07.2006.

Forskning

Styringa av forskingsmidlane over jordbruksavtalen og Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt er samordna for å sikre ei heilskapleg og effektiv forvaltning av dei samla forskingsmidlane innanfor landbrukssektoren. Det er etablert eit tett samarbeid med Forskingsrådet. I 2006 har Avtalestyret og Fondsstyret vore med på ei felles utlysning av midlar med Matprogrammet og Arealprogrammet i Forskingsrådet.

I 2006 har Fondsstyret samla betalt ut 104 millionar kroner til forskning. Fondsstyret har ansvaret for basisløyvinga til Matforsk. I 2006 utgjorde denne løyvinga 52,7 millionar kroner. Dei andre midlane gjekk til forskingsprosjekt innanfor heile verdikjeda i matproduksjonen, men med hovudvekt på primærleddet. Avtalestyret har brukt 36 millionar kroner til forskingsprosjekt i 2006.

Samarbeidet med Forskringsrådets ulike program har ført til at dei fleste forskingsprosjekt blir finansierte i fellesskap mellom Fondsstyret, jordbruksavtalen og Forskringsrådets ulike program. Samarbeidet gir også landbruksnæringa innverknad på dei samla prioriteringane av midlar til landbruksforskning.

Det har vore meir enn ei dobling i årlege utbetalte prosjektmidlar i fondet i perioden 2001 til 2006 frå 45,4 millionar til 104 millionar. Auken i årlege utbetalte prosjektmidlar over jordbruksavtalen har auka frå 31,2 millionar kroner i 2001 til 36 millionar kroner i 2006.

Eitt viktig forskingsprosjekt i 2006 var initiert av Stortinget, som i 2003 vedtok eit forbod mot kastrering av gris frå 2009. For å følgje opp dette vedtaket blei det sett i gang ei eiga forskings-satsing på hanngris med ei samla ramme på 45 millionar kroner, som Avtalestyret og Fondsstyret til saman yter 30 millionar kroner til. Utover ramma kjem ein monaleg eigeninnsats frå næringsaktørane. Trass i denne innsatsen vil ein neppe klare å finne akseptable tiltak mot smak og lukt på kjøtt frå hanngris innan 2009. Når det gjeld dyreetikk, er det i dag slik at berre veterinærar har lov til å kastre smågris, og dette skal då skje under bedøving.

Oversikt over nye og pågåande forskingsprosjekt finst i årsmeldinga for Fondet for landbruksprodukt, sjå SLFs nettstad.

Utfordringar på resultatområdet omsetning og marknadstiltak

På marknadsreguleringsida vil utfordringa i 2007 mellom anna vere:


- å halde fram med å overvake og vurdere tiltak knytte til overproduksjon av svin
- å bidra til at reguleringsystemet skal verke mest mogleg konkurransenøytralt, og at pliktene og rettane til marknadsregulator balanserer slik at marknadsregulatorane framleis kan ta på seg eit slikt samfunnsoppdrag
- å følgje opp ein eventuell ny WTO-avtale

På forskingssida arbeider ein med å få aktørane til å ta endå meir aktivt del i å definere kunnskapsbehova sine og etablere samarbeid med kunnskapsmiljøa for å løyse dei.

Når det gjeld prisutjamningsordninga for mjølk, vil det særleg vere to hovudutfordringar i 2007:

- å sikre eit godt marknadsprisuttak for mjølk gjennom prisutjamningsordninga i ein situasjon med aukande konkurranse frå import
- å etablere eit forbetra datagrunnlag og leggja ytterligare tilrette for ei elektronisk informasjonsutveksling mellom SLF og meieriaktørane på mjølk

Satsinga på utvikling av marknaden for økologisk mat ser ut til å ha gitt resultat. Både daglegvarehandelen og delar av storhushaldssegmentet, spesielt dei store hotellkjedene, er no opp-tekne av og gjennomfører tiltak for å auke omsetninga av økologisk mat. Viktige utfordringar på dette området er å sikre at norsk produksjon blir stor nok relativt raskt, at varene er av riktig og stabil kvalitet, og at dei finn effektive distribusjonskanalar, dvs. at økologisk distribusjon blir samordna med distribusjon av konvensjonelle varer. Pris er også ei utfordring, men ansvaret for denne ligg i hovudsak på mellomledda.



Handel og industri



SLF skal bidra til å sikre eit godt fungerande importvern og oppfylling av internasjonale rettar og forpliktingar. Dei viktigaste ansvarsområda er importvernet for landbruksvarer gjennom tolladministrering og tollkvotar, ordninga med råvarepriskompensasjon, eksportstøtteordningar og ordninga for utanlands tilarbeiding. Marknadsovervaking og innhenting av norske og utanlandske prisar er også sentralt.

Verdsmarknaden

Eit generelt trekk i dei internasjonale marknadene for landbruksvarer var at eksterne og makroøkonomiske faktorar gav større utslag på produksjon og handel enn utforminga av landbrukspolitikken. Store land med vekstøkonomiar medverka til auka etterspørsel – og høgare prisar. Med direkte følgjer for landbruksproduksjonen medverka tørkeproblem i USA, Europa og særleg Australia til lågare avlingar og høgare einingsprisar, med forplantingar til meieri- og kjøttmarknaden.

Større etterspørsel frå land som Kina, India og Russland gjorde saman med tørke og dårlege avlingar sitt til å drive opp råvareprisane. Meir merksemd på alternative energikjelder til drivstoff førte til ytterlegare prisauke.

Den norske marknaden

Etterspørselen etter korn, mjølk og kjøtt var relativt stabil, mens marknaden for ost, fjørfekjøtt og frukt og grønt auka mest. Målpris blei oppnådd for dei fleste varer i 2006. Eit viktig unntak er knytt til svinekjøtt, der overproduksjon førte til prisar godt under målpris. For grønsaker generelt blei det teke ut prisar over målpris, men for tomat, blomkål og isbergsalat blei målpris ikkje oppnådd. Målpris blei heller ikkje oppnådd for eple og pærer.

To gongar i året vert rapporten «Produksjon og omsetning av økologiske landbruksvarer» utarbeidd. Det står meir om denne på side 30.

Import av landbruksvarer



Importvernet/marknadstilgang

Tollvern på landbruksvarer er eit sentralt verkemiddel for å sikre omsetninga av norske landbruksvarer til prisar fastsette i jordbruksavtalen. Tollsatsane har eit øvre tak gjennom internasjonale avtalar. I tillegg til dei framforhandla tollsatsane som følgjer av WTO-avtalen, har Noreg ved EØS-avtalen og ved frihandelsavtalar forplikta seg til ytterlegare gjensidige tollreduksjonar. Overfor utviklingsland er det etablert eit generelt tollpreferansesystem (GSP) slik at importen frå desse landa oppnår særlege fordelar i tollene. Frå dei minst utvikla landa (MUL) er det toll- og kvotefri tilgang.

SLF forvaltar fleire tollkvotar for landbruksvarer som er fastsette i internasjonale avtalar, i tillegg til tollreduksjonar for u-land (GSP) og nasjonalt fastsette kvotar.

Import

Importen av landbruksvarer til Noreg hadde i 2006 ein verdi på 25 milliardar kroner. Det er ei dobling av importverdien sidan 1995.

Noregs største handelspartner er EU. I 2006 utgjorde landbruksimporten frå EU nærare 70 prosent av totalverdien. GSP-landa (utviklingsland) står for 18 prosent av importverdien. Importen frå MUL-land (minst utvikla land) utgjør berre 0,4 prosent av total importverdi. Felles for importen frå EU og MUL er at han utgjør relativt større delar av importen målt i verdi enn i kvantum. For EU kjem nok dette av at importen er prega av ein stor del industrielt tilarbeidd produkt med høge einingsverdiar, mens snittblomar står for mykje av importen frå MUL. Importen frå GSP-land består i hovudsak av frukt, produkt til dyrefôr og kaffi.

1,1 milliardar kroner i tollinntekter gir ei gjennomsnittsbetaling på 4,4 prosent på innførselsverdien.

Eksport

Eksporten frå Noreg i 2006 var på 0,7 millionar tonn til ein verdi av 4,1 milliardar kroner. Ein stor del av eksporten kan førast tilbake til reguleringseksport, dvs. eksport av eit produkt for å stabilisere prisen til den norske produsenten. Forutan dette utgjer også merkevareeksport ein viktig del.

EU er den viktigaste eksportmarknaden vår, der spesielt ost og produkt innanfor RÅK-ordninga utgjer ein monaleg del.

Administrering av tollsatsar

SLF gir årleg mange administrative tollsatsar. Det betyr at mange tollsatsar i bruk i praksis er mykje lågare enn dei satsane som blir fastsette i det årlege stortingsvedtaket.

Generelle tollreduksjonar blir i hovudsak gitt på varer innanfor målprissystemet i jordbruksavtalen. Generelle tollreduksjonar blir gjorde gjeldande for alle som importerer i den perioden tollreduksjonen gjeld. Formålet med slike tollreduksjonar er å sikre forbrukar og næringsmiddelindustri varer i periodar der norsk produksjon ikkje er stor nok til å dekkje etterspørselen til prisar som svarer til eit nivå som er avtalt i jordbruksavtalen.

I 2006 blei det totalt gjennomført 261 generelle tollreduksjonar, som er ein auke på 14 prosent frå året før. For første gong blei det gitt generelle tollreduksjonar for frosne tyttebær, blåbær og molter, drikkeklar eplejuice, dessutan hønseegg. Bakgrunnen for tollreduksjonen på egg var at norsk produksjon ikkje klarte å dekkje etterspørselen på slutten av året.

Gjennom storparten av året blei det gitt generelle tollreduksjonar på poteter fordi marknadsprisane låg over målpris. Ein del av auken kan også vere ei følgje av fleire generelle tollreduksjonar for råvarer til dyrefôr.

Individuelle tollreduksjonar kan ytast til bedrifter eller personar etter søknad. Tollreduksjonane kan ytast for ei bestemt vare i ein gitt periode, vanlegvis med verknad ut kalenderåret. Formålet med slike tollreduksjonar er å opne for import med redusert tollsats for spesielle produkt som ikkje blir produserte i Noreg, eller til spesielle formål, til dømes fiskefôr. SLF innvilga ca. 3 000 individuelle tollreduksjonar i 2006, og dette er på nivå med året før.

Tollkvotar er det tredje verkemiddelet SLF har for å forvalte importvernet. Tollkvotane for landbruksvarer er fastsette i internasjonale avtalar, i tillegg til at det blir gitt tollreduksjonar for u-land (GSP) og for nasjonalt fastsette kvotar.

I 2006 fordelte SLF i underkant av 70 kvotar, av dei blei nærare 50 fordelte ved auksjon. Kvotane omfattar mellom anna: storfekjøtt, lammekjøtt, egg, ost, smør, jordbær, eple, isbergsalat, korn, diverse typar frø, høy og honning.

WTO-kvotane for storfekjøtt, sau/lam og hønseegg, ostekvoten frå EU og honningkvoten blei fullt utnytta i 2006. Vidare hadde også viltkvotane og EU-kvotane for skinke, pølser og kjøttbollar ei utnytting på over 90 prosent. Det var jamt over høg betalingsvilje for kvotane.

Auksjon som fordelingsmetode for importkvotar tilfredsstiller kravet om likebehandling av marknadsaktørane. Auksjonane blir gjorde på Internett, noko som sikrar ein open prosess der alle interessentar, på det vilkår at dei er registrerte firma i Noreg, kan vere med. Inntektene frå auksjon av tollkvotar utgjorde i 2006 118 millionar kroner, mens det i 2005 var inntekter på 79 millionar kroner. Heile auksjonsprovenyet går til statskassen.

Verkemiddel i importvernet

- Generelle tollreduksjonar
- Individuelle tollreduksjonar
- Tollkvotar (låg toll eller ingen toll)

Tollsatsane for enkelte økologiske varer, til dømes eplesoft, blei auka i 2006 som eit ledd i satsinga på større norsk produksjon av økologiske varer.





Utfordringar

Ost

Osteforbruket i Noreg aukar. Det blir dekt både gjennom norsk produksjon og større import. Det blei totalt importert 7 728 tonn ost i 2006. Dette var ein auke på 303 tonn i forhold til 2005, og kom av at EU-kvoten blei utvida frå 4 000 til 4 250 tonn, større import til full toll, og endring i ordninga for utanlands tilarbeiding.

80 prosent av ostekvoten frå EU blir gitt til historiske importørar, dvs. aktørar som har historiske rettar for import. Resten blir fordelt til marknadsaktørar utan historiske rettar. I 2006 kom det inn 72 godkjende søknader på 650 tonn, og kvar kjøpar fekk tildelt berre 11 tonn. Med ein så liten kvote blir det vanskeleg å betene ein marknad og dermed bli reelle konkurrentar til importørar med historiske kvoterettar. I tillegg til at dei fleste nykommarane er små, er dei ikkje «reelle» i den forstand at dei utnyttar kvoten til omsetning av ost. Til dømes var det i 2005 heile 38 prosent nykommarar som selde kvoten sin. Prisane ved omsetning av importrettar varierte mellom 0 og 15 kroner per kilo. Fordeling til aktørar utan historiske rettar er ressurskrevjande å administrere.

For første gong blei ostekvoten frå EFTA på 60 tonn auksjonert. Det var stor interesse for auksjonen, og kvoten blei seld for 20 kr/kilo. Prisen tyder på at ostekvotar er attraktive, og at dei som får tildelt kvote på historisk grunnlag, tener godt på dette. Det blei importert ca. 3 000 tonn til full toll i 2006. Betalingsviljen som blei synleggjord gjennom auksjonen på EFTA-kvoten, kan tyde på at import til full toll delvis blir finansiert gjennom overskot frå den tollfrie EU-kvoten, og at kvoten i praksis gir marknadstilgang for eit vesentleg større volum.

I tillegg til ordinær import reknar det svenske Jordbruksverket med at det gjennom grensehandelen mellom Sverige og Noreg årleg blir importert ca. 3 060 tonn hard ost og 1 570 tonn «Andra mejeriprodukter», som mellom anna omfattar fersk ost, dessertostar og fetaost.

Dei siste åra har den såkalla analogosten kome på marknaden. Dette er ein ost framstilt av ei viss mengd vegetabilsk feitt, i motsetning til tradisjonelt mjølkefeitt. Med innhald av vegetabilsk feitt blir osten klassifisert som RÅK-vare, og oppnår ein vesentleg tollreduksjon. Importen av slik ost aukar. Berekningar som SLF har gjort, viser at det i 2002 blei importert 450 tonn. Importen var i 2005 på 1 450 tonn, mens han frå 2005 til 2006 auka med 79 prosent til 2 600 tonn.

Gjennomgangen over viser at ostemarknaden i Noreg har viktige utfordringar i 2007:

- Administrasjonen av tollkvotane på ost er krevjande. Det medverkar både til ein høgare import enn det kvotane skulle tilseie, og fører til handel med kvoterettar som verdipapir.
- Produktutvikling som fører til at ost blir klassifisert som RÅK-varer, vil redusere tollvernet for norsk ost. Dersom omfanget blir stort, kan det bety ei utfordring for konkurranse-situasjonen til norske mjølkeprodusentar.
- I den grad marknaden etterspør ostar med til dømes innhald av vegetabilsk feitt, er dette ei utfordring i forhold til produktutviklinga i norsk næringsmiddelindustri.

Frukt og grønt

Etterspørselen etter frukt og grønt aukar i den norske marknaden. Dette burde kunne gi grunnlag for større norsk produksjon. Men samtidig er det til dels problem med å ta ut målpris. Dette kan tyde på svake punkt ved importvernet, spesielt på frukt, men det kan heller ikkje utelukkast at det er behov for forbetra produktutvikling eller andre tiltak for å styrkje dei norske produsentane. SLF vil arbeide vidare med dette området i 2007.



RÅK-ordninga

Import av RÅK-produkter

I 2006 blei det importert 355 000 tonn RÅK-varer til en verdi av nær 6 mrd. kroner. Dette er i auke på henholdsvis 10 prosent i kvantum og 11 prosent i verdi, sammenliknet med 2005. Brød og bakervarer er den største gruppa, med ein importverdi på 1,5 mrd. kroner, og i kvantum på 83 000 tonn. Andre RÅK-varer med høy import er sukkervarer, sjokolade og sauser.

SLF har i 2006 behandlet 6700 søknader om tollfastsetting for RÅK-varer, og totalt inneholder SLF sin database nær 42 000 registrerte varer. Talet på behandla søknader er litt lågare i 2006 enn i 2005.

Eksport av RÅK-produkt

Eksporten i 2006 var 73 000 tonn til ein verdi av 0,9 milliardar kroner. Dette er tilnærma uendra frå 2005.

Utbetalingane til eksportstøtte innanfor RÅK-ordninga var på 32,5 millionar kroner i 2006, mot 26,7 millionar kroner i 2005. Det var 22 søkjarar både i 2006 og 2005. Auka utbetalingar kjem i hovudsak av ein auke i kvantumet det er søkt eksportstøtte for. Det blir betalt ut eksportstøtte til 44 prosent av det totale kvantumet RÅK-varer som blir eksportert.

Dei største varegruppene som blir eksporterte, er sukkervarer, sjokolade, bakverk, iskrem og sauser.

Prisnedskrivningstilskot innanfor RÅK-ordninga

I 2006 fekk 35 verksemdar samla 151,1 millionar kroner i prisnedskrivning. Tilsvarande fekk 34 bedrifter 147,1 millionar kroner i 2005. Auken i utbetalt beløp kjem av større kvantum. Pizza er den største vara i ordninga, følgd av sjokolade og iskrem. Til saman blei det gitt 117 millionar kroner i prisnedskrivningstilskot for desse varene.

Generelt har verdsmarknadsprisane for råvarer som RÅK-industrien nyttar, auka i 2006. Der dette har gitt betring i konkurransesituasjonen, er det gjort reduksjonar i prisnedskrivings-satsane.


Utfordringar for RÅK

- Det er ein aukande tendens mot produktutvikling og tilpassing av produkt som fører med seg at produkta blir importerte som RÅK-varer. Ei slik tilpassing vil som oftast føre med seg at produkta kan importerast til ein lågare tollsats. I 2006 gjeld dette til dømes enkelte fôrvarer, potetprodukt og ulike typar ost. SLF vil ha større merksemd på klassifisering av ulike varer i tolltariffen for å sikre oppfylging av internasjonale rammevilkår og forvaltning av dei ulike regelverka som gjeld for tollreduksjon/tollfastsetjing.
- SLF vil auke kompetansen om utviklingstrekk i internasjonale marknader og rammevilkår, og følgje nøye korleis internasjonale endringar påverkar konkurransesituasjonen for norsk RÅK-industri.

Handelen med industrielt tilarbeidde jordbruksvarer er heimla i Protokoll 3 i EØS-avtalen RÅK-ordninga. For varer som er omfatta av RÅK-ordninga, kan det ytast råvarepriskompensasjon. Formålet med ordninga er å jamne ut for forskjellar i råvarekostnader mellom norske og utanlandske ferdigvarer som blir omsette i Noreg, og for norske varer som blir eksporterte. Råvarepriskompensasjon kan skje i form av:

- tollsatsar
- eksportstøtte
- prisnedskrivning

Råk-import



Ordninga med utanlands tilarbeiding av landbruksvarer gjer det mogleg for norsk næringsmiddelindustri å føre ut landbruksvarer frå Noreg for tilarbeiding i eit anna land. Ved gjeninnførsel bereknar ein tollsatsen på ferdigproduktet ut frå innhaldet av varer som er sette til i utlandet. Mange land og samanslutningar, mellom anna EU, har liknande ordningar for utanlands tilarbeiding.

Utanlands tilarbeiding

Utviklingstrekk

Sidan det nye regelverket ble i innført 1. juli 2005 har talet på spørsmål til SLF om ordninga med utanlands tilarbeiding av landbruksvarer og talet på aktørar som viser interesse for å nytte seg av ordninga vore jamt aukande.

Ved utgangen av 2006 var det ca. 30 bedrifter som nytta ordninga. SLF har registrert at norske og tidlegare fortolla varer i dei gjeninnførte varene utgjør ein stor del. Det er både råvarer og meir tilarbeidda varer som blir førte ut for tilarbeiding. Varer som kjøtt, meieriprodukt, grønsaker, barnemat, bær, helsekostprodukt og sjokolademasse blir førte ut, og blir førte inn att som kjøttvarer, ost, krem på boks, eggprodukt, frosne eller oppkutta grønsaker, soyaolje, sjokolade og sukkervarer, juice, ferdigpakka barnemat og helsekost.

Målt i volum er raffinering av soyaolje det desidert største produktet i ordninga. Frå 1. juli 2005 og ut 2006, dvs. etter ei verketid på halvtanna år, blei det ført inn i overkant av 3 200 tonn kjøttvarer (tilsvarande ca. 2 250 tonn per år). Så følgjer syltetøy og juiceprodukt med drygt 1 800 tonn og meierivarer/mjølkebaserte produkt med ca. 1 700 tonn. For alle desse produkta er råvarene i hovudsak norske. Det har vore ein auke i innførselen etter utanlands tilarbeiding siste halvår 2006 samanlikna med siste halvår 2005 for sentrale varegrupper som kjøtt og ost.

Utfordringar

Gjeldande regelverk legg ikkje toll på tilarbeidingskostnadene og stiller heller ingen krav til eigenproduksjon. Forskrifta har inga formålsføresegn eller tryggleiksmekanisme for næringsmiddelindustrien. Dette har ført til at fleire bedrifter har flytta delar av tilarbeidinga til utlandet, for å kunne dra nytte av lågare tilarbeidingskostnader og utnytting av ledig produksjonskapasitet.

Eit forslag til nytt regelverk på dette området baserer seg på kravet om ein vesentleg del nasjonal eigenproduksjon.

Konservesordninga

Konservesordninga har som formål å stimulere til innanlands produksjon av råvarer til konservesindustrien. Innanfor denne målsetjinga skal industrien sikrast nødvendig supplement av importert råvare, til lågast mogleg tollbelasting.

Det er ca. 40 aktørar som er innvilga tollreduksjonar, eller som har fått tollkvotar med heimel i ordninga. Talet på søkjarar har vore svært stabilt dei siste fem åra.

Konservesordninga omfattar bær, grønsaker og epleasaft/konsentrat. For å oppnå større produksjon og forbruk av norske jordbær, solbær og bringebær i konservesindustrien legg forskrifta til grunn ein opptrappingsplan for norsk produksjon. Ein har for denne perioden sett ein jamn auke for alle bærslaga – spesielt for bringebær. Dette tyder på at ordninga har fungert etter planen.

For grønsaker skal ein sikre avsetning av norsk produksjon til konservesindustrien og også stimulere til større produksjon. Etter nokre år med svak marknadsutvikling har ein dei siste tre åra hatt ein moderat årleg vekst i marknaden. Det har resultert i større norsk produksjon av tradisjonelle norske grønsaker til konservesindustrien.

For epleasaft/konsentrat skal ein sikre avtak av norsk epleasaft til bruk i industrien. Forbruket av eplejuice har over fleire år auka monaleg, mens det har blitt litt mindre norsk råvare i juicen.

Vernetoll

I mars vedtok SLF å ta i bruk forskrift om auke i tariffmessig toll – beskyttelsestoll – på landbruksvarer. Auken i import av potetflak, som blir brukte mellom anna i potetmosproduksjon, var på over 6 000 prosent, eller 8 000 tonn poteter, frå 2004 til 2005. Det var første gong forskrifta om vernetoll for norske landbruksprodukt blei teken i bruk etter at ho tok til å gjelde i 1998.

Den sterke importveksten kunne vore ein trussel mot norsk potetproduksjon, og ein vesentleg auke i tollene ville få aktørane til å vurdere norske poteter i dei tilarbeidde potetprodukta sine. Tollsatsen for import av potetflak og granul blei auka med 33 prosent og var gyldig ut året. Import på dette tollvarenummeret er no vesentleg redusert.

WTO

I første halvdel av 2006 var forhandlingsrunden i Verdas handelsorganisasjon (WTO) prega av stor internasjonal aktivitet. Det kom til nye forpliktingar på landbruksområdet, der tollsatsar, internstøtte til jordbruket og eksportstøtte stod sentralt. Likevel stod dei ulike grupperingane langt frå kvarandre, og den 24. juli blei forhandlingane utsette på ubestemt tid.

SLF har hatt ansvaret for å utvikle grunnlagsmateriale og analysar for LMD i arbeidet med forhandlingane. I dette arbeidet har ein greidd ut kva dei ulike forhandlingsforslaga ville bety for norsk landbruk og næringsmiddelindustri.

I påvente av at forhandlingane skulle komme i gang att, blei det gjennomført grundigare analysar – spesielt på marknadstilgang. Kutt i tollsatsar, viktige norske produkt og tollkvotar er her sentrale område.

SLF har også hjelpt LMD i arbeidet med å rapportere korleis Noreg utnyttar og følgjer opp forpliktingar (notifisering) i den eksisterande WTO-avtalen.

Utforming av regelverk

SLF arbeider kontinuerleg med forenkling, brukarretting og ajourføring av regelverk.

I januar 2006 blei ny forskrift om administrative tollnedsettelsar sett i verk etter ein større gjennomgang og revidering i 2005. Det blei også gjort tilpassingar i forskrifta for å ta hand om endringar som følgje av opphør av marknadsordninga for fjørfe. Forskrifta for ordninga med utanlands tilarbeiding er greidd ut og foreslått endra, og ny forskrift blei send på høyring i 2006.

Forskriftene som regulerer tilskot over RÅK-ordninga til næringsmiddelindustrien (prisnedskrivning og eksportstøtte), dessutan tilskot til enkelte tilarbeidde kjøttvarer, er i 2006 gjennomgått med sikte på forenkling, klargjering og nødvendig ajourføring. På same måten er konservesforskrifta gjennomgått. Her er det i tillegg til nødvendig ajourføring også greidd ut moglegheiter for endringar med sikte på større avtak av norske eple i juiceproduksjon. Tollkvoteforskrifta er ajourført mellom anna for å implementere endringar i ostekvoten i 2006.

Toll- og avgiftsstyresmaktene har i fleire år arbeidd med å førebu ny tollov, og SLF har hjelpt til i utgreiingsarbeidet på område der dette arbeidet har tangeringspunkt mot regelverk som SLF forvaltar. Ny tollov vil krevje nye revisjonar og tilpassingar i regelverket som SLF forvaltar, og dette arbeidet vil halde fram i 2007.





Samarbeid med TAD

Til grunn for samarbeidet mellom SLF og tollstyresmaktene ligg ein eigen samarbeidsavtale. I 2006 er det lagt vekt på å vidareutvikle samarbeidet med vekt på kontroll, kompetanseutvikling og gjensidig informasjonsutveksling. Det er viktig både for forvaltning og kontroll at begge etatar har god kompetanse om området til den andre. Myndigheitsområda mellom toll- og landbruksstyresmaktene har fleire grenseflater, og det kan i enkelte tilfelle vere ei utfordring for brukarane å vite kvar myndigheitsansvaret ligg. Det er derfor lagt vekt på å utvikle informasjons- og rettleiingsarbeidet overfor brukarane.

Webbaserte fagsystem

SLF har i mange år hatt nettauksjon av tollkvotar. I 2006 blei dette systemet oppgradert, og det gir no fleire funksjonar for brukarane, samtidig som det effektiviserer administreringa av auksjonane endå meir.

Eit nytt skritt i retning av å effektivisere tenestene blir å tilby elektronisk innsending og svar i samband med søknader til importordningane for landbruksvarer. Systemet er også meint å innehalde tollsatskalkulator der importøren sjølv kan registrere varer og få simulert tollsatsen. Eit prosjekt er sett i gang for å utvikle dette systemet, med sikte på å tilby det til brukarane på slutten av 2007.

Det blir også arbeidd systematisk med å kunne gi endå betre informasjon til brukarane, spesielt over Internett.



Administrasjon

Resultatområdet administrasjon har oppgåver knytte til organisasjonsutvikling, personalforvaltning og økonomistyring, dessutan informasjon og kommunikasjon, dokumentasjon, IKT og drift. Dette skal bidra til ei velfungerande verksemd som utnyttar ressursane sine på ein effektiv måte, og som gjennom forvaltning og rådgiving sikrar brukarane effektive tenester.

Resultatområdet har ansvar for stabs- og støttefunksjonar og skal vere ein pådrivar for å realisere Statens landbruksforvaltning (SLF) sine strategiar. Dei viktigaste ansvarsområda er knytte til utvikling av personal- og lønnspolitikk, drøftingar og forhandlingar med organisasjonane, kompetanseutvikling, organisasjonsutvikling, økonomistyring, dokumentasjon og informasjon, interne driftsoppgåver og IKT-system.

Strategi 2007-2012

SLF innleidde i 2006 arbeidet med å arbeide ut strategien for perioden 2007–2012. Hausten 2006 blei det gjennomført ei eksterndundersøking der formålet var å hente inn kunnskap for å vidareutvikle SLFs strategiar, tenester og produkt. Alle SLFs ulike brukarar blei spurde – dels gjennom ei generell brukarundersøking, dels gjennom opne og djuptgåande spørsmål retta mot sentrale aktørar. Tilbakemeldingane frå undersøkinga er mellom anna dette:

- Tilsette i SLF blir opplevde som imøtekommande og serviceinnstilte.
- SLF har god kunnskap om ordningane som blir forvalta, men rådgiving og analyse kan styrkjast og bli meir synleg.
- SLFs nettstad inneheld mykje bra informasjon, men vedlikehald og oppdatering kan forbetras og informasjonen kan gjerast lettare tilgjengelig.

SLF gjennomførte ei 360-gradars leierevaluering hausten 2006. Begge undersøkingane gir verdifulle innspel til fullføringa av SLFs nye strategi for perioden 2007–2012.

Informasjon og kommunikasjon

SLF legg vekt på eit aktivt kommunikasjonsarbeid som mellom anna er organisert slik at dei enkelte resultatområda har ansvar for informasjons- og kommunikasjonsaktivitetar på eige fagområde. Resultatområdet administrasjon har ei rolle som koordinator for å sikre heilskap, effektivitet og ein einskapleg profil. SLF har som mål å leggje til rette for ein brukarvennleg og god kommunikasjon, ved bruk av fleire kanalar, og med ein målretta informasjon av høg kvalitet. Internett er valt som den viktigaste eksterne informasjonskanalen til brukarar og samarbeidspartar.

SLFs saksområde har ofte vore vist til i både nasjonale, regionale og lokale aviser og medium. Dette viser at SLF er ein god tilretteleggjar for at andre kan synleggjere sakene, til dømes kommunar, fylkesmenn og departement.

I 2006 er det gjennomført eit eige seminar i krisekommunikasjon for SLFs leiarar og andre relevante personar i organisasjonen.

Utfordringane framover:

Leggje til rette for god informasjon om nye tenester på våre nettsider, og auke informasjonsarbeidet overfor ålmenta og media.

SLFs administrasjon har hatt desse hovudmåla i 2006:

- Bidra til å realisere SLF som e-forvaltning og sikre brukarane effektive tenester
- Bidra til at SLF står fram som ei velfungerande, kompetent og effektiv verksemd
- Sikre god informasjon og kommunikasjon overfor brukarar eksternt og internt

Informasjon skal vere ein integrert del av saksbehandlingen. Dette er spesielt viktig med tanke på å nå brukarar og interessentar med riktig og god informasjon. Eksterndundersøkinga, gir oss viktige innspel i den vidare satsinga vår på informasjon og kommu-

SLF har som mål å utvikle ein kostnadseffektiv, sikker og kontrollerbar tenesteproduksjon med bruk av Internett som hovudtransportveg.

SLF implementerte hausten 2006, som ein av dei første offentlege institusjonane, ny versjon av rekneskapsystemet Agresso 5.5. Systemet skal bidra til effektive rutinar for planlegging og økonomistyring, dessutan vere grunnlag for analysar.

e-førvøltnng

Det er dei siste åra investert store beløp og lagt ned mykje arbeid i å utvikle elektroniske tenester og system for saksbehandling og rapportering for brukarane.

SLF tek del i arbeidet med elektronisk samhandling mellom offentlege verksemdar. Det er inngått ein samarbeidsavtale med Altinn, og SLFs elektroniske tenester kan gjerast tilgjengelege for brukarane via denne portalen.

I 2006 var det eit mål at 30 prosent av landbruksføretaka skulle levere søknad om produksjonstilskot og avløyartilskot elektronisk. Målet blei nådd ved søknadsomgangane både i januar og i august. Med basis i ei slik tilrettelegging for elektroniske søknader og webbasert saksbehandlingsverktøy for kommunane har SLF i 2006 kunna framskande utbetalingar av produksjonstilskot to veker i forhold til før.

I 2006 tok SLF i bruk ei kommersiell auksjonsteneste i samband med nettauksjon av tollkvotar for landbruksprodukt. Nytt auksjonssystem gir ein viktig effektiviseringsgevinst både for auksjonsdeltakarar og for SLF.

Hausten 2006 gjorde SLF tilgjengeleg ei webbasert teneste for oppslag og vedlikehald av innhaldet i landbruksregisteret. Landbruksregisteret er eit felles «kunderegister» og kjelde for grunnopplysningar for mange av SLFs fagsystem. Det gir ei oversikt over føretak i landbruket, landbrukseigedommar og personar som har ei rolle i forhold til føretaka eller eigedommane. Registeret inneheld i hovudsak kopiopplysningar frå «horisontale» register som dekkjer heile samfunnet, som Einingsregisteret (føretak), Folkeregisteret (personar) og GAB (eigedommar). Den nye tenesta vil leggje til rette for ei rasjonell innlasting av nytt kartgrunnlag frå Norsk institutt for skog og landskap etter kvart som det ligg føre, og gjer det mogleg med ein fullverdig kontroll av arealbaserte tilskot mot det nye kartgrunnlaget.

Hausten 2005 lanserte SLF den elektroniske tenesta WebSKAS, der skogeigarar og kommunar kan få tilgang til skogfondskonto over Internett. Med WebSKAS har kommunane fått eit effektivt saksbehandlingsverktøy der dei kan sende alle skogfondsupplysningar elektronisk og få direkte tilgang til oppdaterte data. Skogeigarar kan no enkelt få innsyn i eigen konto og sende utbetalingskrav elektronisk.

Landbruksførvøltnngas informasjonsbase, som blei lansert i 2003, er ei webbasert informasjonsløysing for saksbehandlarar i landbruksførvøltnnga. Ho inneheld i dag «nøklar» frå landbruksregisteret, i tillegg til faginformatjon frå produksjonstilskot, avløyartilskot, husdyrkonseksjon, leveransedata om slakt og skogavgift. Løysinga blir brukt som rapporteringsverktøy for saksbehandlarar i SLF, hos fylkesmannen og i kommunane, dessutan hos fleire eksterne aktørar (Mattilsynet, Norsk institutt for skog og landskap, Innovasjon Noreg).

I 2006 har SLF samordna driftsmiljøet sitt for nettløysingar, ved at drifta er samla hos ein ekstern leverandør. Med dette har SLF lagt grunnlaget for ei meir samordna og effektiv drift av eksisterande og nye løysingar.

I 2006 har SLF forhandla fram nye rammeavtalar for kjøp av IKT-tenester og gjennom dette etablert eit konkurranseutsett avtaleverk som ligg til grunn for effektive kjøp innanfor IKT-området.

Utfordringane framover:

SLF vil prioritera å knyte e-tenester til statlege fellesløysingar og fellesregister, og å vidareutvikle eksisterande tenester og nye brukarvennlege tenester.

Risikostyring

Intern risikostyring ligg i krava i økonomireglementet til grunnleggjande styringsprinsipp, og det er ansvaret til den enkelte verksemda å avdekkje styringssvikt, feil eller manglar gjennom eigen internkontroll. Risikostyring er ei strukturert tilnærming til å vurdere risiko i heile verksemda, og i 2006 blei det gjennomført ein gjennomgang av kva risikomoment som kan påverke SLFs måloppnåing.

Vi har på alle områda våre vurdert sannsynet for at risikoen kan slå til, og kva følgjer det eventuelt vil kunne få. I tillegg er det utarbeidd konkrete tiltak som skal setjast i verk for å redusere risikoane. Risikostyring har bringa inn ein ny dimensjon i etats- og verksemdsstyringa og er ein kontinuerleg prosess.

Personal- og organisasjonsutvikling

Per 31. desember 2006 hadde SLF 186 årsverk. I 2006 var det ein turnover på 7 prosent medrekna tilsette som gjekk av med pensjon.

Arbeidet for eit inkluderande arbeidsliv er ført vidare i 2006. SLF har inngått avtale med ny bedriftshelse-teneste, og ein har arbeidd vidare med å førebyggje og følgje opp sjukefråvær. Nye verneombod har gått gjennom grunnleggjande opplæring i arbeidsmiljø. Seniorane (+55) blei inviterte til idédugnad for å få inspel om kva som skal til for at dei skal stå lenger i arbeid. Vi har også innleidd ein treningskampanje for å betre helse og trivsel hos medarbeidarane våre.

Det blir skipa til jamlege møte med tenestemannsorganisasjonane, og samarbeidet med dei til-litsvalde blir opplevd som godt.

Kompetanseutvikling

I 2006 er det arrangert 15 interne kurs og seminar finansierte over dei sentrale kompetansemidlane i SLF. IKT, innkjøp og kommunikasjon har vore viktige temaområde i 2006.

Det er sett av eigne midlar til hospitering i det sentrale kompetanseprogrammet. Hausten 2006 hospiterte ein av medarbeidarane våre ein månad hos Fylkesmannen i Sør-Trøndelag. Det er også lagt til rette for hospitering og rotasjon av medarbeidarar mellom SLF og Landbruks- og matdepartementet.

Fleire leiarar har gjennomført eksterne leiarutviklingstiltak. Av fellestiltak har det vore arrangert tre samlingar i Forum for leiing, og temaa har vore lokale lønnsforhandlingar, resultatane av den eksterne brukarundersøkinga og leiarevaluering. Forum for leiing var også på studietur til Aust-Finnmark. Formålet med turen var å styrkje SLFs kunnskap om og forståing for dei utfordringar Finnmark står overfor i samband med distrikts- og landbrukspolitikken. Hausten 2006 blei det gjennomført ei 360-gradars evaluering av alle leiarane i SLF. Resultata av evalueringa vil bli følgde opp i 2007.

Likestilling

SLFs personalpolitikk støttar arbeidet med å oppnå likestilling mellom kjønna. Det blir arbeidd aktivt med å leggje arbeidssituasjonen til rette for tilsette i samsvar med lønns- og personalpolitikken vår. Det er stor oppslutning både blant kvinner og menn om dei kompetansetiltaka som blir tilbodne i SLF. Både kvinner og menn får prosjektleiaransvar, og i 2006 var det tilnærma like mange menn som kvinner som hadde prosjektleiaransvar. SLF set også søkjelys på likestilling gjennom rekruttering, og det blei tilsett tilnærma like mange kvinner som menn i 2006.

SLF set søkjelys på likelønn ved innplassering av nytilsette, men det er framleis lønnsforskjellar mellom kvinner og menn totalt sett. Slik SLF vurderer det, er ikkje alle lønnsforskjellar knytte til kjønn; somme kan forklarast ut frå forskjellar i alder og erfaring. Eitt unntak er kvinnelege leiarar som i snitt tjener meir enn sine mannlege kolegaer.

Det blei gjennomført lokale lønnsforhandlingar hausten 2006. SLF følgde opp den sentrale føringa om at kvinner burde ha ein større del av potten enn ei proratafordeling tilseier, ut frå deira del av lønnsmassen. 58 prosent av potten gjekk til kvinner i forhold til deira del av lønnsmassen på 54 prosent.

Gjennom målretta personalpolitikk, organisasjonsutvikling og kompetanseutvikling skal SLF skape ein velfungerande organisasjon med initiativrike, endringsdyktige og serviceinnstilte medarbeidarar.

Kompetanseutvikling er eit strategisk viktig område for SLF. Det er etablert eit internt kompetanseprogram som skal bidra til målretta og strategisk kompetanseutvikling i SLF. Programmet er eit supplement til det som skjer av kompetanseutvikling i avdelingane gjennom det daglege arbeidet. SLF vedtok sitt andre kompetanseprogram i februar 2006, og gjennomføringa er godt i gang.





Utfordringar framover:

SLFs erfaring er at talet på søkjarar til ledige stillingar i 2006 har gått ned. Dette fell saman med den stramme arbeidsmarknaden i Noreg. På enkelte fagområde har vi merka dette spesielt godt, og utfordringane framover blir å behalde og å trekje til oss gode søkjarar til ledige stillingar.

Nøkkeltal 2006 per 31.12.2006 (likestilling)

	Prosent	I tal
Kvinnedel*	53 %	
Tal på kvinner i deltidsstilling		14
Tal på menn i deltidsstilling		0
Tal på eksternt kunngjorde stillingar**		37
Prosentdel kvinnelege søkjarar til dei eksternt kunngjorde stillingane	48,8 %	
Tal på nyttilsette kvinner		16
Tal på nyttilsette menn		15
Prosentdel kvinner av totalt tal på overtidstimar	63 %	
Tal på leiarar		24
Tal på kvinnelege leiarar		8
Tal på mannlege leiarar		16
Prosentdel kvinnelege leiarar	33 %	
Tal på faste kvinnelege stedfortredere		10
Tal på prosjekt***		27
Prosentdel kvinnelege prosjektleiarar	54 %	
Tal på kvinner som har fått stipend til etter- og vidareutdanning, eksterne kurs		2
Tal på menn som har fått stipend til etter- og vidareutdanning, eksterne kurs		2
Tal på brukte plassar på interne kurs og seminar ****		146
Prosentdel kvinner som har teke del på interne kurs og seminar	60 %	

* Kjønsfordelinga er jamn i tre avdelingar. I to avdelingar er det overvekt av kvinner.

** Rekrutteringsprosessen knytt til 6 av desse stillingane var ikkje avslutta per 31.12.2006.

*** Prosjekt organisert i samsvar med SLFs prosjekthandbok.

**** Obligatoriske tiltak og kortare seminar utan påmelding er då haldne utanom.

Kjønsfordeling og gjennomsnittleg avlønning for kvinner og menn per 31.12.2006 *

Stillingskategori	Tal på kvinner	Lønn – kvinner	Tal på menn	Lønn – menn
Leiing	9	549 278	15	544 527
Konsulent/sekretær	14	315 064	4	360 600
Førstekonsulent/seniorkonsulent	23	350 091	17	367 071
Rådgivar/prosjektleiar/seniorrådgivar	58	401 112	53	430 660

* Tabellen baserer seg på det totale talet som per 31.12.2006 mottok lønn frå SLF.

Tabellen inkluderer dermed både tilsette som er i lønt permisjon, og vikarane deira.

Grøn stat

SLF fører vidare dei allereie etablerte ordningane for miljøleiing. SLF har ei ordning med bortkøyring og resirkulering av alt papiravfall inkludert makulatur. Kassasjon av alt IKT-utstyr blir tilsvarande samla og køyrd bort og forskriftsmessig destruert. I 2006 blei det mellom anna inngått ny avtale for levering av reinhaldstenester, der det er sett krav til levering av miljømerkte reinhaldsprodukt. Innkjøp av papir er frå 2005 til 2006 redusert med ca. 20 prosent. Reduksjonen kjem i all hovudsak som ei følge av auka publisering på Internett av publikasjonar m.m.

Kontroll

Generelt om kontrollverksemda

SLF har etablert rutinar og system innanfor intern kontroll som skal sikre effektiv ressursbruk, at rekneskap og informasjon om resultat er påliteleg og nøyaktig, og at lover og reglar blir følgde. Dette gjeld både innanfor økonomi, personale og IKT, så vel som i drifta elles.

Innanfor SLFs tilskotsforvaltning er det, i tillegg til interne kontrolltiltak i SLFs eigen forvaltning, også etablert ekstern kontroll av at føresetnadene for å få ulike tilskot er til stades. Det blir gjennomført både automatiske administrative kontrolltiltak og manuelle stikkprøvar for å sikre at tilskot blir gitt i tråd med føresetnadene. Målet er generelt å rette feil og kartleggje om måla blir nådde, og om alle vilkåra blir etterlevde. Det blir lagt vekt på ein effektiv ressursbruk til beste for brukarar og forvaltning.

Rapporteringsrutinane etter manuelle stikkprøvar blei forbetra i 2006. Kontrollresultat blei rapporterte og følgde opp, både internt og i dialog med fylkesmenn, kommunar og aktuelle bedrifter. Oppfølgingsarbeidet har i stor grad hjelpt til i effektiviseringa av SLFs tilskotsforvaltning.

Risikovurderingar

I 2006 har SLF gjennomført ei samla risikovurdering for heile arbeids- og ansvarsområdet sitt. Resultatet av vurderingane er rapporterte til departementet. Innanfor kontrollverksemda blir risikovurderingar brukte i ein del samanhengar til å gi eit godt grunnlag for å setje av ressursar til kontrolltiltak som er tilpassa den enkelte ordning, i samsvar med dei krava som blir stilte i økonomireglementet for staten.

Kontrollprosjekt

I 2006 har SLF, mellom anna på grunnlag av dialog med LMD, etablert og gjennomført eit prosjekt med deltaking frå fleire fylkesmannsembete og frå KS med mandat å gå gjennom fylkesmannsembeta sine oppfølgings- og kontrolloppgåver i tilskotsforvaltninga i landbruket, sett i lys av generelle utviklingstrekk, regelverksendringar og endringar i forvaltningsrutinar. Behovet for styrking av fylkesmannsembeta sine kontroll- og tilsynsfunksjonar innanfor tilskot i landbrukssektoren blir vurdert, og prosjektet vil eventuelt fremje forslag til endringar i rutinar og arbeidsfordeling på området. Formålet er å gi eit heilskapleg bilete av oppgåver og utfordringar på kontrollområdet – og ut frå det utlei spesielle behov og tiltak. Prosjektet skal avsluttast i første halvår 2007.

Positive utviklingstrekk

- Nokre kontrollar hos næringsmiddelbedrifter har medverka til at bedriftene legg om til system og rutinar der SLFs krav til opplysningar er innarbeidd.
- Fylkesmannsembeta har gjennomført regelmessige kommunesamlingar der dei har gitt rettleiing for kommunane innanfor sine regionar. Fleire embeter bruker meir ressursar på tilsyn og kontroll, og har også ei meir systematisk tilnærming til kontroll av tilskotsordningar.

Viktige resultat av stikkprøvekontrollar i 2006

- Stikkprøvekontrollen av areal og dyretal som kommunane har gjort, blei ulikt gjennomført. Tilsvarande kontroll av miljøplanar viste generelt at kvaliteten på planane har blitt betre, men det blei igjen registrert ein del manglar i innhaldet. Kommunane reduserte sjeldan tilskotet dersom miljøplanane var mangelfulle.
- Saksbehandling og klagebehandling i kommunane var i fleire enkelttilfelle for dårleg dokumentert, og dermed var saksgangen vanskeleg å spore. Kommunane fatta i nokre tilfelle vedtak utan å ha heimel til det, og i nokre tilfelle blei søknader behandla etter klagefristen. Fylkesmannens oppfølging av kommunane er i ein del tilfelle svak. Dette er rapportert til dei kommunane og fylkesmennene det gjeld.
- Kommunane skal bruke skjønnsmyndigheita si når dei avgjer om produksjonstilskotet skal reduserast etter at det er funne feil i stikkprøvekontroll. SLF oppfattar at enkelte kommunar synest avkortingsproblematikken kan vere utfordrande i forhold til brukarane.
- Kontroll av manuelt behandla søknader om produksjonstilskot viste at fylkesmennene i somme tilfelle brukte skjønn i saker der regelverket har absolutte krav. I 2006 har dette resultert i nokre feilutbetalingar i to av dei kontrollerte fylka.





- Nokre kommunar hadde feilaktig utbetalt omleggingstilskot til økologisk produksjon for same areal to år etter kvarandre. I enkelte kommunar er det for svake oppfølgingsrutinar for utbetaling av økologisk tilskot og kontroll av økologisk drift i dei neste fem åra.
- Stikkprøvekontroll av pristilskot til lokal foredling av mjølk viste at regelverket til dels blir opplevd som vanskeleg å forstå for produsentane. Dette gjaldt mellom anna bruken av omrekningsfaktorar. Dette har ein prøvd å rette på gjennom at eit informasjonsskriv er sendt ut.
- Regelverket for mjølkekvotar kan vere vanskeleg å kontrollere på ein del punkt. Både ordninga om samarbeid i beitesesongen og kravet om heilårsproduksjon er delvis basert på opplysningar frå føretaka som det er vanskeleg å kontrollere om stemmer. Det kan i enkelte tilfelle vere usikkert om visse føretak samarbeider utanfor beitesesongen, eller om mjølmengda er rett fordelt på samarbeidspartane.
- Stikkprøvekontrollar av ulike tilskotsordningar til industrien påviste ein del feil i søknadsdata. Dette har resultert i enkelte uheimla utbetalingar. Dokumenterte avvik er retta, med krav om tilbakebetaling som er motrekna i tilbakehaldne tilskotsutbetalingar. Som følge av kontrollen har desse næringsmiddelbedriftene samtidig fått retta søknadsgrunnlaget sitt med den følge at dei har rett til høgare tilskot.
- Kontroll av tilskot til frøavl og sertifisert setjepotetavl påviste enkelte feil i søknadsgrunnlaget, manglande sporbarheit og rutinar, dessutan ulik forståing og praktisering av ordningane.
- Ein gjennomgang av nokre økologiske prosjekt viste varierende grad av måloppnåing. I prosjekt-rekneskapane er det funne nokre mindre feil og uklare punkt.
- Det er gjennomført stikkprøvekontrollar av marknadsregulatorane for mjølk, kjøtt, egg og fjørfe. Det blei funne enkelte feil i søknadsgrunnlaget og ein del manglande dokumentasjon. Grunnlaget for tilskots-satsar var i somme tilfelle tal som ikkje har vore tilstrekkeleg gjennomgådde og oppdaterte.

Samarbeid med andre

- I 2006 har SLF vore med på eit informasjonsmøte for medarbeidarar i Tollvesenet frå heile landet, og har også vore med på eit førebuande kontrollmøte med Tollregion Bergen i regi av Tollvesenet. Formålet både med informasjonsmøta og tidlegare hospiteringar er å få ei felles forståing av det regelverket som begge etatane bruker i den daglege saksbehandlinga.
- Ei nettverksgruppe har hatt tre møte i 2006 der medarbeidarar i Tollregion Oslo Akershus, Mattilsynet Oslo og SLF møttest for å auke kompetansen sin og for å utveksle praktisk informasjon om kontrolldelen i regelverka våre sett frå synsvinkelen til dei forskjellige etatane.
- Som grunnlag for saksbehandling og førebuing av kontrollar hentar SLF inn opplysningar frå Toll-vesenet for å kunne vurdere om bedriftene importerer landbruksråvarer samtidig som dei søker tilskot frå SLF. Dette er viktig informasjon og gir nyttige opplysningar når ein førebuar kontrollar. Eventuelle funn som har verdi for Tollvesenet blir rapporterte tilbake.
- I samsvar med ein samarbeidsavtale med Skattedirektoratet, hentar SLF også inn informasjon frå fylkesskattekontora om bedrifter der SLF planlegg kontroll.



Klage- og dispensasjonssaker

Saker til behandling i SLF etter jordlova, konsesjonslova, odelslova og fjellova

Etter myndighetsoverføringa til kommunane frå 2004 innanfor dette området har saksmengda til behandling i SLF gått drastisk ned. SLF har likevel ei rolle i enkelte saker. SLF er klageinstans i odelsfrigjeringsaker, der fylkeslandbruksstyret behandlar saka som førsteinstansmyndigheit etter odelslova § 31. Etter jord- og konsesjonslova er SLF klageinstans i dei tilfella der kommunen ikkje sjølv kan ta avgjerda, og der Fylkeslandbruksstyret av den grunn behandlar saka som førsteinstansmyndigheit. Vidare er SLF klageinstans i dei sakene der fylkesmannen eller fylkeslandbruksstyret overprøver kommunevedtaket med heimel i forvaltningslova § 35. SLF har hatt éi slik sak i 2006. SLF er også klageinstans i saker etter fjellova der fjellstyra eller Statskog er førsteinstansmyndigheit. SLF har hatt 5 slike saker i 2006, og ingen av desse klagenes blei tekne til følgje. Under er ei framstilling for omfanget og utfallet av sakene etter det nemnde lovverket i 2006.

Odelsfrigjeringsaker – tal på saker etter odelslova til behandling i SLF i 2006

Klaga gjaldt	SLFs vedtak	
	Fylkeslandbruksstyrets vedtak stadfesta	Fylkeslandbruksstyrets vedtak gjort om
at fylkeslandbruksstyret hadde fatta vedtak om odelsfrigjeringsaker	4 saker	2 saker
at fylkeslandbruksstyret hadde fatta vedtak om å nekte odelsfrigjeringsaker	1 sak	–

Jord- og konsesjonslovsaker – tal på klagesaker etter jord- og konsesjonslova til behandling

Klaga gjaldt	SLFs vedtak	
	Fylkeslandbruksstyrets vedtaket stadfesta (klaga ikkje teken til følgje)	Fylkeslandbruksstyrets vedtaket omgjort (klaga teken til følgje)
klagesaker etter jordlova til behandling i SLF i 2006	6 saker	1 sak
klagesaker etter konsesjonslova til behandling i SLF i 2006	2 saker	3 saker

Rettsaker

Det er kunngjort dom i 3 rettsaker innanfor rettsområdet i 2006.


Ved Stjør- og Verdal tingretts dom av 06.10.2006 fekk staten medhald i ei sak som gjaldt feilaktig oppgjer etter at staten hadde kjøpt ein landbrukseigedom. Det viste seg at seljaren ikkje var rette eigar av eigedommen. Seljaren blei dømd til å betale 150 000 kroner til staten. Dommen er rettskraftig.

Ved Borgarting lagmannsretts sin orskurd av 24.10.2006 blei det avgjort at ein part kan reise eiga sak knytt til om eit ekspropriasjonsvedtak er gyldig, sjølv om det var kravd skjønn. Dommen er rettskraftig.

Ved Ryfylke tingretts dom av 20.11.2006 blei vedtaket til fylkeslandbruksstyret om å gi løyve til bygging av veg i medhald av forskrift om landbruksveggar kjent ugyldig. Saka skulle i samsvar med dommen vore behandla etter reglane i plan- og bygningslova. Grunneigarane har anka dommen.

Sivilombodsmannen

I 2006 har det vore ei sak for Sivilombodsmannen på dette området. Saka gjaldt spørsmålet om ei avgjerd teken i samsvar med § 3 i seterforskrifta var eit enkeltvedtak. Ombodsmannen meinte i motsetning til Statskog og SLF at slike avgjerder måtte sjåast på som enkeltvedtak. Sivilombodsmannen har tilrådd LMD å endre seterforskrifta på dette punktet.





Regionalt miljøprogram

I 2006 behandla SLF klager på avgjerdene til fylka om tilskot til tiltak i regionale miljøprogram for første gong. Det blei behandla 2 klager.

Ordning	Tal på saker				
	Dispensasjon			Klage	
	Innvilga	Delvis innvilga	Avslått	Innvilga	Avslått
Regionalt miljøprogram	-	-	-	-	2

Erstatningsordningane i landbruket 2006

Erstatning ved klimarelaterte skadar og ved katastrofetap i husdyrhold

1	Klager behandla av SLF		
	Innvilga	Delvis innvilga	Avslått
Klimarelaterte skadar			3
Katastrofetap			1

2	Dispensasjonar behandla av SLF		
	Innvilga	Delvis innvilga	Avslått
Klimarelaterte skadar	6		8
Katastrofetap			3

Erstatning etter offentlig pålegg og restriksjonar i plante- og husdyrproduksjonen

3 Offentleg pålegg pga.	Klager behandla av FM		
	Innvilga	Delvis innvilga	Avslått
- planteskadegjerarar	1		
- husdyrsjukdommar			2
- radioaktivitet			

4 Offentleg pålegg pga.	Klager behandla av SLF		
	Innvilga	Delvis innvilga	Avslått
- planteskadegjerarar			
- husdyrsjukdommar		1	1
- radioaktivitet			

5 Offentleg pålegg pga.	Dispensasjonar behandla av SLF		
	Innvilga	Delvis innvilga	Avslått
- planteskadegjerarar		1	
- husdyrsjukdommar			
- radioaktivitet	1		

Ankenemnda for Statens naturskadefond

I 2006 behandla Ankenemnda 39 klager på vedtak i styret for Statens naturskadefond.
Tidlegare år: 2005: 26 klager, 2004: 25 klager, 2003: 20 klager, 2002: 69 klager

Klager på vedtak i styret for Statens naturskadefond

Skadeårsak	Klagetema	Medhald	Ikkje medhald	Avvist	Merknad
Utglijding/ras	Avkorting	4			Bruksverdi
Flaum	Takst		2		
Flaum	Meirkostnader		4		
Flaum	Avkorting		1		Gjenteken skade
Flaum	Off. grunn		3		
Flaum	Kan forsikrast		2		
Flaum	Sikring		3		
Flaum	Avlingstap		3		
Flaum	Eigendel		1		
Storm/stormflod	Off. grunn		1		
Storm/stormflod	Eigendel		1		
Storm/stormflod	Meldefrist		1		
Storm/stormflod	Takst		1		
Nedbør	Skadeårsak		7		
Utrasing	Skadeårsak		2		
Ras	Meldefrist		2		
Flaum	Oversete			1	

I 2006 behandla Ankenemnda 32 klager på avgjerdene til forsikringsselskapa i naturskadesaker.
Tidlegare år: 2005: 39 klager, 2004: 26 klager, 2003: 24 klager, 2002: 36 klager

Klager på vedtak i forsikringssaker

Skadeårsak	Klagetema	Medhald	Ikkje medhald	Avvist	Merknad
Saksområde	Taksering			5	
Flaum	Skadeårsak	12	1		
Flaum	Hage	1			
Flaum	Avkorting		1		Sikring
Storm/stormflod	Avkorting		8		Konstruksjon
Storm/stormflod	Skadeårsak	2	5		
Røteskadar	Avkorting		4		Vedlikehald
Jordskred	Skadeårsak	1			





Klager til sivilombodsmannen og rettssaker

Forvaltningsvedtak kan klagast inn for Sivilombodsmannen. I 2006 er ei sak klaga inn for Sivilombodsmannen. Saka gjeld utrasing av ein bygningsmessig konstruksjon som Ankenemnda meiner ikkje kan sjåast på som ei naturulykke etter naturskadelova.

Klager på skjønn i 2006

- 15 nye overskjønnskrav
- 15 rettskraftig avgjorde i 2006
- 23 står for retten

Klagesaker i samband med marknadsordninga for korn

Marknadsordninga for korn er eit sentralt element for styresmaktene til å følgje opp gjeldande landbrukspolitiske målsetjingar. Ordninga skal mellom anna bidra til likeverdige vilkår mellom husdyrproducentar med eigen kornproduksjon og husdyrproducentar utan slik produksjon, for å halde ved lag eit landbruk i heile landet. Som verkemiddel i denne samanhengen blir kornprisen skriven ned med eit prisnedskrivningstilskot til føretak som kjøper korn frå produsent for vidareal eller foredling med handel for auga. Frakttilskot for korn og kraftfôr er også eit verkemiddel for å oppnå denne målsetjinga. Korn til kraftfôr- og matmjølproduksjon kan med tilskot til nedskrivning og frakt omsetjast til tilnærma lik pris over heile landet.

Gjeldande marknadsordning for korn er regulert i forskrift 2004-07-08 nr. 1122 om prisnedskrivningstilskudd, matkorntilskudd og prisutjevningsbeløp på kraftfôr under markedsordninga for korn. Vilkår for rett til prisnedskrivningstilskot er regulerte i denne forskrifta.

I § 3 i forskrifta om prisnedskrivningstilskot heiter det:

«Prisnedskrivningstilskudd kan gis til registrerte foretak som kjøper norskprodusert korn fra produsent for videresalg eller bruk i kommersiell matmel- og kraftfôrindustri. Tilskuddet gis etter satser fastsatt i jordbruksoppgjøret. Det gis ikke tilskudd for korn som er uegnet til framstilling av mat eller fôr. Det gis heller ikke tilskudd ved kjøp av korn til såkorn eller korn til hjemmemaling».

Klagnar og klagedato	Klaga gjeld	SLFs behandling	Merknader
Mørk Engebretsen Invest AS 28.12.2005	Klage over vedtak om avslag på søknad om prisnedskrivningstilskot på korn kjøpt inn frå produsent til bruk i kraftfôrindustri	Klaga er ikkje teken til følgje. Send over til LMD 13.10.2006	
Mørk Engebretsen Invest AS 27.06.2006	Klage over avslag på søknad om dekning av sakskostnader gjeldande saka over	Klaga er ikkje teken til følgje. Send over til LMD 30.01.2007	

Klagesaker i samband med marknadsordninga for mjølk

Lista inneheld oversikt over alle klagesaker PU (ikkje omgjeringskrav PU!), dispensasjonssøknader PU og alle omgjeringskrav MR mjølk i samsvar med omsetningslova § 11 fjerde ledd.

Lista gjeld berre saker som har vore innoom SLF. Klager på førsteinstansvedtak i LMD er derfor ikkje med på lista (aktuelt for klager over LMDs førsteinstansvedtak og avgjerder om sakskostnader og innsynskrav).

Det er opplyst dato for behandling i SLF og LMD – ut frå dette kan ein finne ut kva saker SLF (og eventuelt LMD) har behandla i 2006.

Oversikt per 25.01.2007 over alle klager som er blitt behandla eller er til behandling i SLF etter 01.01.2001

Klagar, klagedato	Klaga gjeld	SLFs vedtak	LMDs vedtak
Synnøve Finden, 21.01.2003	PU-satsar frå 01.01.2003	Klaga ikkje teken til følgje og send over til LD 27.06.2003	Til behandling
Synnøve Finden, 14.04.2003	PU-satsar frå 01.04.2003	Klaga ikkje teken til følgje og send over til LD 27.06.2003	Til behandling
Synnøve Finden, 21.07.2003	PU-satsar frå 01.07.2003	Klaga ikkje teken til følgje og send over til LD 04.10.2004	Til behandling
Synnøve Finden, 14.10.2003	PU-satsar frå 01.10.2003	Klaga ikkje teken til følgje og send over til LD 04.10.2004	Til behandling
Synnøve Finden, 18.06.2004	Sakskostnader klagesak PU-satsar frå 01.04.2002	Klaga ikkje teken til følgje og send over til LD 30.09.2004	Klaga ikkje teken til følgje 22.05.2006
Synnøve Finden, 06.01.2005	Sakskostnader klagesak ER 2h00-2h02	Klaga ikkje teken til følgje og send over til LMD 31.01.2005	Klaga ikkje teken til følgje 22.05.2006
Synnøve Finden, 27.01.2005	Etterrekning første halvår 2003	Klaga ikkje teken til følgje og send over til LMD 13.04.2005	Til behandling
Tine 27.01.2005	Etterrekning første halvår 2003	Klaga ikkje teken til følgje og send over til LMD 13.04.2005	Til behandling
Synnøve Finden 27.01.2005	Etterrekning andre halvår 2003	Klaga ikkje teken til følgje og send over til LMD 13.04.2005	Til behandling
Tine 27.01.2005	Etterrekning andre halvår 2003	Klaga ikkje teken til følgje og send over til LMD 13.04.2005	Til behandling
Synnøve Finden hausten 2005	Etterrekning første halvår 2004	Klaga ikkje teken til følgje og send over til LMD 03.05.2006	Til behandling
Tine haust 05.11.2005	Etterrekning første halvår 2004	Klaga ikkje teken til følgje og send over til LMD 03.05.2006	Til behandling
Synnøve Finden hausten 2005	Etterrekning andre halvår 2004	Klaga ikkje teken til følgje og send over til LMD 03.05.2006	Til behandling
Tine hausten 2005	Etterrekning andre halvår 2004	Klaga ikkje teken til følgje og send over til LMD 03.05.2006	Til behandling
Synnøve Finden 22.03.06, 03.04.06 og 22.08.06	Etterrekning første halvår 2005	Klaga ikkje teken til følgje og send over til LMD 12.10.2006	Til behandling
Synnøve Finden 22.03.06, 03.04.06 og 22.08.06	Etterrekning andre halvår 2005	Klaga ikkje teken til følgje og send over til LMD 12.10.2006	Til behandling





Omgjeringskrav i samsvar med omsetningslova § 11 fjerde ledd eller alminnelige forvaltningsprinsipp i marknadsreguleringa for mjølk

Klagnar, klagedato	Klaga gjeld	Vedtak av OR, AU eller SLF	Vedtak av LMD eller Kongen i statsråd
Synnøve Finden, 30.04.2002	ORs vedtak av 26.10.2001 om omgjeringskrav om overkompensasjon til Tine for tap i samband med reguleringseksport av kvitost for perioden 01.07.1997–30.06.2000	Klaga ikkje teken til følge og send over til LD 30.04.2004	LMD tok ikkje omgjeringskrav til følge 10.10.2006.
Synnøve Finden, 26.11.2003	ORs vedtak av 21.10.2003 om dekning av SLFs tap ved eksport av ost med smeltekvallitet	Klaga ikkje teken til følge og send over til LD 01.12.2004	LMD tok ikkje omgjeringskrav til følge 10.10.2006.
Synnøve Finden 16.05.2006	Etterrekning på smør under mottakplikta frå 01.01.2006	Klaga ikkje teken til følge av SLF 12.12.2006	

Klage- og dispensasjonssøknader som er behandla i SLF

Tabellen under viser ei oversikt over kor mange klage- og dispensasjonssaker som er behandla i SLF i 2006. Oversikta viser talet på behandla klage- og dispensasjonssaker både for ordningar der SLF er førsteinstans, og for ordningar der SLF er klageinstans for vedtak fatta av fylkesmannen.

Ordning	Tal på saker				
	Dispensasjon			Klage	
	Innvilga	Delvis innvilga	Avslått	Innvilga	Avslått
Forskrift om produksjonstilskot i jordbruket	1	0	0	3	13
Tilskot til avløsning ferie og fritid	0	0	0	1	1
Tilskot til avløsning ved sjukdom	0	0	0	2	5
Tilskot til landbruksvikarverksemd	0	0	0	0	0
Tidlegpensjonsordninga for jordbrukarar	0	0	0	2	7
Klagesaker EVL (styrebehandla)	0	0	0	0	1
Klagesaker KIL (styrebehandla)	0	0	0	1	0
Fylkesvise BU-midlar	0	0	0	0	0
- Praktikantordninga	0	0	0	0	4
- Andre BU-saker	0	0	0	0	6
Pristilskot til mjølkproduksjon	3	0	3	0	2
Pristilskot til kjøttproduksjon	3	0	1	0	2
Distrikts- og kvalitetstilskot i grøntsektoren	0	0	0	0	0
Distriktsstilskot til potetproduksjon i Nord-Noreg	0	0	0	1	0
Tilskot til fruktlager	1	0	0	0	0
Omstillingsstøtte til slakteri	0	0	0	0	0
Tilskot til norsk ull	2	0	0	0	0
Husdyrkonsesjon	0	0	0	1	7
Kvotordninga for mjølk ¹	0	0	0	9	48

¹ Gjeld klager som er behandla i Klagenemnda for kvotordninga for mjølk. SLF har ikkje eigen statistikk over talet på dispensasjonar frå kvotordninga for mjølk. I alle saker der vilkåra ikkje er oppfylte, vurderer forvaltninga dispensasjon på eige initiativ – dersom det ikkje er søkt spesifikt om dispensasjon.

Saker til sivilombodsmannen

I 2006 har det vore ei sak for sivilombodsmannen på produksjonsreguleringsområdet. Sivilombodsmannen kom med ei fråsegn i brev av 12. september 2006. Saka gjaldt eit avslag på søknad om dispensasjon frå kravet til leveranse ved etablering av samdrift i mjølkeproduksjonen. Sivilombodsmannen sa at Statens landbruksforvaltning og Klagenemnda for kvoteordninga for mjølk hadde lagt ei uriktig rettsoppfatning til grunn, og ikkje gjort ei slik heilskapleg dispensasjonsvurdering som dei skulle ha gjort i medhald av forskrift 7. januar 2003 nr. 14 om kvoteordninga for melk § 26. Han sa også at Klagenemnda for kvoteordninga for mjølk måtte oppheve sine tidlegare avslag og fatte nytt vedtak i saka, utan å ta stilling til utfallet i den nye vurderinga.

Klage- og dispensasjonssaker behandla av fylkesmannsembeta

Ordning	Tal på saker				
	Dispensasjon			Klage	
	Innvilga	Delvis	Avslått	Innvilga	Avslått
Produksjonstilskot	730	1	28	667	25
Avløyсарordning; ferie/fritid/sjukdom	236	-	23	97	36
Regionale miljøprogramtilskot	26	-	2	59	5
Verkemidler forvalta av kommunene (SMIL, NMSK)	2	-	-	2	26
Tilskot til grøntproduksjon, potetproduksjon og tidlegpensjon	2	-	1	16	3

Statens landbruksforvaltning

Postadresse: Postboks 8140 Dep,

NO-0033 Oslo, Norway

Besøksadresse: Stortingsgt. 28

Telefon: +47 24 13 10 00,

Telefaks: +47 24 13 10 05,

E-post: postmottak@slf.dep.no

Web: www.slf.dep.no

